


Årsmelding 2019

Bokn kommune



FOTOGRAF JARDAR HAVIKBOTN

Innhold

1.	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR:.....	4
1.	Generelt.....	4
1.2	Målsettingar i budsjettet for 2019.....	5
1.3	Drift 2019.....	6
1.3.1	Driftsresultat/ rekneskapsmessig mindreforbruk i Bokn 2019 og 2018.....	7
1.3.2	Investeringar.....	7
1.3.3	Lånegjeld og fond.....	7
1.3.4	Bokn kommune sine inntekter	8
1.3.5	Endring i Bokn kommune sine inntekter	8
1.3.6	Sjukefråvær og HMS	8
1.3.7	Likestilling / deltidsstillingar	9
1.3.8	Personale [kompetanse og kommunal leing.....	9
1.4	Vegen vidare.....	10
2	Rammeområde 1.....	15
2.1	Innleiing.....	15
2.2	Ressursbruk.....	15
2.3	Resultatvurdering.....	16
2.3.1	Teneste 1000 og 1100 Politisk styring / kontroll.....	16
2.3.2	Teneste 1200 — 1203 Administrasjon.....	16
2.3.3	Beredskap.....	24
2.3.4	Teneste 2410, 2420 og 2430 Diagnose, behandling og rehabilitering, Sosial rådgiving og veiledning / NAV	25

2.3.5	Teneste 2440, 2510 og 2520 Barnevern	26
2.3.6	Teneste 3250 og 3251 Næring og landbruk	26
2.3.7	Teneste 3900, 3920 og 3930 Kyrkja og andre religiøse formål.....	26
2.3.8	Andre tenester	26
2.4	Utviklinga framover.....	27
3	RAMMEOMRÅDE 2 - SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE.....	28
3.1	Innleiing.....	28
3.2	Ressursbruk.....	28
3.3	Resultatvurdering:.....	30
3.3.1	Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, og teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus.....	30
3.3.2	Teneste 3750 Museum.....	30
3.3.3	Teneste 3770 Kunstformidling.....	32
3.3.4	Teneste 3830 Musikk- og kulturskule.....	34
3.3.5	Teneste 3770 Bibliotek.....	36
3.3.6	Teneste 3800 Idrett.....	37
3.3.7	Teneste 2010 Barnehage.....	37
3.3.8	Teneste 2020 Skule.....	39
3.4	Utviklinga framover.....	43
4	RAMMEOMRÅDE 3 - SEKSJON HELSE OG PLEIE/OMSORG.....	44
4.1	Ressursbruk.....	44
4.2	Resultatvurdering.....	46
4.2.1	Teneste 2330 Førebyggande helsearbeid.....	46
4.2.2	Teneste 2330 Førebuing, skule- og helsestasjon.....	47
4.2.3	Teneste 2410 Diagnose, behandling og rehabilitering.....	49

4.2.4	Teneste 2340 — Aktivisering eldre og funksjonshemma.....	52
4.2.5	Teneste 2540 Hjelp i heimen.....	53
4.2.6	Teneste 2530 hjelp i institusjon.....	54
4.3	Utviklinga framover.....	56
5	RAMMEOMRÅDE 6 - SEKSJON TEKNISK.....	57
5.1	Ressursbruk... ..	57
5.1.1	Teneste 1300 Administrasjonsbygg / 2610 Sjukestova.....	59
5.1.2	Teneste 2210 Barnehagebygg.....	59
5.1.3	Teneste 2220 Skulebygg.....	59
5.1.4	Teneste 3010 - 3030 Kartverk, oppmåling samt plan- og byggjesak.....	60
5.1.5	Teneste 3350 Parkar, plassar og torg.....	60
5.1.6	Teneste 3400 Vassverk.....	61
5.1.7	Teneste 3500 og 3530 Avlaup - kloakk.....	61
5.1.8	Teneste 3550 Renovasjon.....	62
5.1.9	Teneste 3380 og 3390 Brann og feiarvesen.....	62
5.1.10	Teneste 2650 og 3150 Bustadfelt og bustader.....	62
5.1.11	Teneste 3330 og 3340 Vegar og gater, Trafikksikring.....	63
5.1.12	Teneste 3600 — Naturforvaltning.....	63
5.2	Utviklinga framover.....	63
6	Politisk og administrativ leiing 2019.....	64

1. RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR:

I. I Generelt

Årsmeldinga for 2019 gir ein oversikt over kommunen sine aktivitetar i året som er gått og viser bredda i det som skjer i kommunen. Årsmeldinga bygger på same lesten som tidlegare år.

Innbyggartalet har i 2019 auka med 12 personar - ei auke på 1,4 %. Ved årsskiftet 2019/2020 var innbyggartalet på 852.

Arbeidsløysa i Bokn er mars 2020 6,3 % mot 1,8 % året før. Arbeidsløysa for Rogaland var samtidig 9,9 % av arbeidsstyrken.

Næringslivet gir tilbakemelding om at det går godt, og at det er eit godt samspel mellom næringsliv og kommune. Grieg Seafood Rogaland sitt anlegg i Trosnavåg som blei tatt i bruk våren 2018 fram står som eit stort, moderne og framtidsretta smoltanlegg. Oppdrettsnæringa er ei viktig næring på Bokn — både når det gjeld stabile arbeidsplassar, busetting og ikkje minst når det gjeld direkte inntekter. Overføringer frå oppdrettsnæringa til Bokn kommune har dei 2 siste åra utgjort om lag 12 mill. kroner.

Rogfastutbygginga fekk ei god start i 2018 med bygging av luftetunnelar - både på Bokn og i Randaberg. Men fekk ein brå stopp då anbod på dei store entreprisane i prosjektet viste store avvik i forhold til sentrale føresetnader. Sjølv om alt tilseier at Rogfastprosjektet vil koma til å bli utbygd ligg saka i dag til behandling i departementet utan at det er sett noko tidsfrist for ferdigbehandling av saken. Dersom gjennomføring av Rogfast krev kostnadsreduksjonar for å bli vedtatt vil dette kunne gå ut over trafikkisikringstiltak og støydempande tiltak på Bokn.

Rogfast, Hordfast og andre større samferdselsprosjekt, vil kunna få store positive ringverknader for næringsutvikling og busetnad på Haugalandet. Sjølv om det for tida er liten aktivitet når det gjeld bustadbygging og næringsetableringar i vår del av landet, er det grunn til å tru at mange vil sjå mot Bokn for busetting og etablering av næringsverksemd når arbeidet med dei framtidige samferdselsprosjekta blir starta opp.

Det har i 2019 vore arbeidd med alternativt bruk av tunnelmassane frå Rogfast. Hovudalternativet er å bruke delar av tunnelmassane til utbygging av nytt bustadområde/serviceområde på Holmen i tillegg til å utvide næringsområdet til High Comp as. Dette vil mogleggjere flytting av fabrikk ut av sentrum i Føresvik og legge grunnlag for ei positiv sentrumsutvikling i Bokn kommune. 2/3 delar av massane vil gå til hamneutbygging på Husøy til Karmsund Hamn IKS sitt anlegg og resten vil bli brukt til nemnde prosjekter.

Arbeidet med utarbeiding av ein områdeplan for Knarholmen blir påverka - både av Rogfastutbygginga og planar for ein ny vegtrase Bokn - Førde, ein ny 4 felts veg og ny bru frå Knarholmen til Austre Bokn. Det er gitt signal om at reguleringsplanen for vegstrekingen Bokn - Førde vil bli ein statleg plan.

Vassverket har no vore i drift sidan april 2018 og har fungert godt. I tillegg til innbyggjarane i kommunen levere det nye vassverket vatn til Rogfast-prosjektet i samsvar med avtalen som er inngått.

Arbeidet med å leggja fram kommunalt vatn til alle delar av kommunen er også komme godt i gang. Målet er at arbeidet skal gjennomførast i løpet av ein 3-års periode 2019 — 2021.

Nye omsorgsbustader og nye sjukeheimsrom er tatt i bruk til glede for bebuarar, pårørande og tilsette. Teknisk har starta opp arbeidet med å renovera dei gamle omsorgsbustadene frå 1995 slik at dei kan klargjerast for utleige.

Planlegging av ny skule er komme godt i gang. Det er planlagt riving av gammal skuledel hausten 2020 med byggestart tidleg i 2021.

1.2 Målsettingar i budsjettet for 2019

Budsjettet for 2019 har vore basert på målsettingar om å:

- Vidareføra gode tenestilbod
- Arbeide for etablering av ny bustadområde som gir grunnlag for auka busetting
- Marknadsføra kommunen som ein god stad for busetting og etablering
- Driva ein aktiv næringspolitikk
- Delta aktivt i regionalt samarbeid
- Fortløpande vurdere tiltak/endring for ei betre og ei meir kostnadseffektiv drift

Konkrete mål har vore:

Planlegging av ny skule for 1 — 7 år

Utarbeide områdeplan for næringsområdet sør for Knarholmen

Ferdigstille arbeidet med nytt vassverk

Legge vassleidning til alle delar av kommunen

Innføre nytt elektronisk sak/arkivsystem

Utarbeide forslag til samfunnsdelen av kommuneplanen, rullere beredskapsplan og overordna ROS og utarbeide forslag til kulturminneplan Gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet

1.3 Drift 2019

Kommunen leverer viktige tenester som har betydning for alle innbyggerane — frå vogge til grav — både når det gjeld tekniske tenester som vatn, avlaup og renovasjon og til dei meir humane tenestene som gjeld oppvekst, kultur, helse, pleie — og omsorg. Kvalitet og kapasitet på tenesten har difor stor betydning for liv og helse for alle som bur i kommunen. I tillegg er kommunen forvaltningsmynde som gjennom planar og vedtak styrer utvikling og bruk av areal med store konsekvensar for den einskilde.

Gode tenester til innbyggerane føresett at kommunen drives på ein god måte.

Bokn kommune har gjennom mange år hatt ei god drift og det har vore eit godt samspel mellom politikk og administrasjon.

Dei siste åra har ein del av tenestene i Bokn vore levert frå Karmøy som fylgje av samarbeidsavtalar med Karmøy kommune.

Samarbeidet med Karmøy har så langt fungert godt. Det er tett og god dialog mellom saksbehandlarar i Karmøy og Bokn og mellom dei kommunale leiarane i dei 2 kommunane.

Bokn kommune har i dag eit samarbeid med Karmøy om kart/oppmålingstenester, landbrukstenester, plan- og byggesaksbehandling, barnevern, PPT, jordmorteneste og felles NAVkontor.

Karmøy har god fagleg kompetanse innanfor samarbeidsområda og leverer gode tenester til Bokn. Tenestene blir levert til kostpris — noko som også gjer dette økonomisk fordelaktig for Bokn kommune.

Dei kommunale tenestene på Bokn elles er ei vidareføring av drifta frå 2018 og vurderes som fortsatt å vere gode. KOST RA tal frå 2019 gir også eit signal om at Bokn har gode tenester.

Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen.

Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond. Rekneskapen for 2019 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet og svekker den kommunale økonomien. Ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet gir likevel Bokn eit stort netto driftsresultat i 2019 som det også gjorde i 2018.

Særleg med tanke på at budsjettet for 2019 hadde ubudsjetterte kostnader på mellom 5 og 6 mill til iverksetting av nødvendig tiltak innan pleie- og omsorg, vart det økonomiske resultatet for 2019 særdeles godt. Som følgje av desse høge uforutsette kostnadene fekk Bokn kommune eit ekstraordinært tilskott i 2019 på 1,5 mill kroner frå Fylkesmannen. Nettokostnadene vart likevel høge.

Dei siste åra har Bokn hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til nytt inntektssystem, demografisk endringar og folketalsutviklinga. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Med ei folketalsvekst i 2019 på 1,4% har ein snudd denne negative trenden.

Rekneskapen for 2019 viser eit samla mindreforbruk på kr. 7.586.024,- mot kr. 8.128.488,- i 2018.

Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

1.3.1 Driftsresultat/ rekneskapsmessig mindreforbruk i Bokn 2019 og 2018

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Brutto driftsresultat	8.779.878	11.904.706
Netto driftsresultat	7.786.654	8.894.139
Mindreforbruk (Overskot)	7.586.024	8.128.488
Netto driftsresultat % av brt. dr. innt.	6,8 %	8,4 %

1.3.2 Investeringar

Dei samla investeringane i 2019 utgjer ca. 9,9 mill. kroner. Dei største investeringane gjeld ferdigstillelse av eldrebustader med 4,8 mill. kroner, kommunalt vassleidning/vassverket med 3,7 mill. kroner og utbygging skule 0,6 mill. kroner.

1.3.3 Lånegjeld og fond

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Langsiktig lånegjeld *	142.408.735	139.916.793
Fond:		
Disposisjonsfond	24.650.224	19.037.429
Ubundne kapitalfond	90.601.905	11.439.590
Bundne kapitalfond		
Bundne driftsfond	1.959.901	1.684.208
Sum fond	117.212.030	32.161.227

*Langsiktig lånegjeld er i realiteten 18.627.000,- lågare enn oppstillinga viser pga tilskott frå Husbanken til sjukeheim/omsorgsbustader ennå ikkje er utbetalt. Tilskottet vil bli brukt til konvertering av opptatte lån.

1.3.4 Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Skatteinntekter	23.216.222	21.259.729
Rammetilskott	47.658.835	46.548.620
Eigedomsskatt	11.763.662	11.196.800
Overf. med krav til motyting	14.017.079	10.200.943
Andre inntekter	17.424.657	16.204.502
Sum driftsinntekter	114.080.457	105.410.594

1.3.5 Endring i Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2019		Rekneskap 2018	
	Kroner	Prosent	Kroner	Prosent
Endring i samla inntekter	8.669.863	8,22 %	2.734.361	2,66 %
Endring i eigedomsskatt	566.862	5,06 %	-520.515	
Endring i skatteinntekter	1.956.493	9,20 %	290.535	1,38%

Dei samla inntektene for Bokn frå 2018 til 2019 auka med i alt ca. 8,66 mill. kroner tilsvarande 8,22 %. Den sterke inntektsauken skuldast ekstraordinær overføring frå Havbruksfondet på ca. 6 mill. kroner, auke i skatteinntekter, auke i eigedomsskatt og ekstraordinært skjønstilskott som følgje av høge kostnader til tunge brukarar. Folketalsveksten på heile 1,4 % hadde også betydning.

Konsumprisindeksen auka i same periode med 3%.

1.3.6 Sjukefråvær og HMS

Bokn kommune har frå 2002 vore ein IA bedrift. Sidan 1. januar 2005 har ein hatt avtale med International SOS no AktiMed - om regelmessig gjennomgang og kartlegging av arbeidsmiljøet mellom anna som eit tiltak for å få redusert sjukefråværet. Totalt for kommunen var sjukefråværet på 6,8% i 2019 mot 5,6 i 2018 og 6,9% i 2017. Det er fortsatt stor forskjell frå avdeling til avdeling og sjukefråværet er nærare omtalt hos kvar enkelt seksjon.

Bokn kommune har ikkje hatt alvorlege ulykker i 2019.

1.3.7 Likestilling / deltidsstillingar

Bokn kommune har som andre kommunar, ei skeiv fordeling av tilsette når det gjeld kvinner og menn. Både i helse, barnehage og skule har vi ei stor overvekt av kvinner mens det i teknisk bare er menn. I leiarstillingane er det no også ei stor overvekt av kvinner.

Det er ei utfordring å rekruttere menn til stillingar i helse, skule og barnehage og kvinner til stillingar i teknisk. I tillegg har ein seinare år også registrert at Bokn slit med å rekruttere menn til leiarstillingar.

Kommunen har mange deltidsstillingar, spesielt innan omsorg. Det er eit mål å redusere bruk av deltidsstillingar og kunna tilby fleire stillingar med 100%. Små stillingar er ei ulempe for både tilsette og brukarar, men ofte kan det vanskeleg å få for eksempel ein turnus til å gå opp dersom ein i antall personar i turnusen blir redusert.

1.3.8 Personale [kompetanse og kommunal leiing

Bokn kommunen har stabile, dyktige og godt kvalifiserte medarbeidarar - noko som er ein føresetnad for god kvalitet på dei kommunale tenestene. Auka kompetansekrav for lærar i skulen må vere på plass innan 2025. Bokn har ein plan for å innfri dette kompetansekravet ved å legge til rette for at dei allereie tilsette lærarane, kan tileigne seg nødvendig tilleggsutdanning - i tillegg til at det vert stilt krav om nødvendig kompetanse ved tilsetting av nye lærarar.

Bokn kommune har dei siste åra hatt ein meir ustabil situasjon når det gjeld kommunen si leiing — både på kommunalsjefsnivå og særleg når det gjeld skuleleiing. Kommunen si øvste leiing har bestått av rådmann og 2 kommunalsjefar — ein kommunalsjef for administrasjon og ein for tenester. Kommunalsjefstillinga for tenester hadde ansvar for både helse/pleie/omsorg og oppvekst og kultur. Erfaringane har vist at det vanskeleg for ein person kan ha ansvar for alle desse tenesteområda. Tenesteområda er difor i dag delt mellom to kommunalsjefar — ein for oppvekst og kultur og ein for pleie/omsorg og helse.

Bokn skule fekk ny rektor i 2018, men måtte allereie i 2019 lysa ut stillinga på ny. Det er viktig med god kontinuitet i leiarstillinga på skulen for å kunne innfri krav og forventningar som stilles til eit godt læremiljø. Ikkje minst vil dette vere viktig for Bokn i den perioden ein no går inn i med bygging av ny skule samtidig som ein skal drifte skulen i midlertidig lokalar i byggeperioden.

Det er mange kommunar som utviklar nye tiltak og virkemidlar for å rekruttere og halda på personalet. Konkurransen om dei dyktige medarbeidarane er stor. I tillegg skjer det store endringar i det kommunale oppgåvebilde med endringar i dei forventningar publikum, media, offentlege myndigheiter har til kommunane.

Dette krev at kommunen i større grad må legg til rette for at den enkelte medarbeidar får auka sin kompetanse for å kunne handtera dei nye oppgåvene som kommunesektoren blir pålagt. I stor grad vil desse nye oppgåvene måtte løysast gjennom omfordeling av oppgåver blant

personale og omprioritering av kommunale oppgaver — då det ikkje vil vere økonomi til å tilsette nytt personale for å løyse dei nye oppgåvene.

Bokn kommune har fram til no vore konkurransedyktig når det gjeld løn og personalpolitiske verkemiddel elles, men må nok også vurderer nye tiltak for å behalda og rekruttere dyktige fagfolk og leiarar i tida som kjem.

Offentleg sektor vil i aukande grad utvikla digitaliserte tenester noko som vil endre kravet til kompetanse i organisasjonen. Digitalisering av offentleg tenester utviklast gjennom nasjonale og regionale prosjekt som hhv DigiFin og DigiRogaland der Bokn kommune deltar.

1.4 Veggen vidare

Bokn kommune har hatt eit høgt nivå på dei kommunale tenestene - både når det gjeld kvalitet og kvantitet — noko som mellom anna avspeglar seg i kommunebarometeret i 2019.

Kommunebarometeret er basert på 151 nøkkeltal og 12 tenesteområde i kommunane. Basert på bare på nøkkeltal, dvs. når inntektsnivået vert ignorert, blei Bokn samla rangert på ein 22 plass. Samla sett var nøkkeltala for Bokn blant dei 50 beste i Kommune-Norge.

Utfordringa no vil vera å kunna oppretthalde og vidareutvikla tenestetilboda innanfor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget. Førebels har dei samla negative konsekvensane av det nye inntektssystemet vore mindre enn forventa, mellom anna som følgje av ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet, stabile inntekter frå eigedomsskatten, ekstraordinære skatteinntekter og det siste året har folketalsutviklinga også vore positiv for inntektsutviklinga.

For å oppretthalda eit godt fagleg nivå innanfor økonomisk forsvarlege rammer er det inngått eit samarbeid med Karmøy kommune når det gjeld tekniske tenester. Vidare er det inngått samarbeidsavtalar om felles NAV kontor, felles jordmorteneste, barnevern og PPT.

Etter at 9 av kommunane på Haugalandet vedtok å etablere eit felles brannvesen har 2018 gått med til etablering av styrande organ og tilsetting av dagleg leiar og selskapet har vore operativt frå 2019. Frå same tidspunkt vart brannmannskapa overført frå kommunane til det nye selskapet. Haugesund kommune valde å trekke seg frå brannsamarbeidet slik at det i dag er 8 kommunar igjen. Fortsatt har ein ei uløyst sak med Haugesund når det gjeld fordeling av dei store kostnadene kommunane hadde ved etablering av selskapet.

I dag deltar Bokn mellom anna Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, Haugaland Vekst IKS, HSA

— Haugaland Skule Arbeidsliv, Haugalandsløftet, Interkommunalt renovasjonsselskap HIM, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Interkommunalt krisesenter, Barnevernssamarbeid, samarbeid om PPT-teneste, Brannsamarbeid og Karmsund Havn IKS for å nemne nokre av dei mest sentrale. I tillegg har ein stort samarbeid på gong når det gjeld etablering av eit felles arkiv/saksbehandlingsprogram som både gjeld investering, drift og opplæring.

Sjølv om det interkommunale samarbeidet kan vere utfordrande ser ein dette som viktig og nødvendig dersom Bokn skal bestå som eigen kommune.

Arbeidet med utbygging av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader har stått i fokus i 2018 og 2019. Alderssamansettinga i Bokn gjer at gruppa over 80 år vil auke dei komande åra, men for augeblikket har ein ei overkapasitet ved sjukeheimen. Bokn har difor inngått avtale med Karmøy om at dei kan kjøpe 4 plassar ved sjukeheimen i Bokn. Ein gjere rekning med at det i framtida vil bli fleire demente, med dei utfordringar dette stiller til kompetanse hos personalet.

Det blei i 2015 vedtatt ein bustadsosial handlingsplan som skal danna grunnlag for iverksetting av tiltak for å møte dei framtidige behova for tilrettelagte bustader og bustader for andre brukargrupper. Utbygging av dei 15 tilrettelagde bustadane bygger på denne planen.

Små fødselstal dei siste åra gjer at antall born i barnehagen og elevar på skulen blir sterkt redusert dersom ein ikkje får auka tilflytting.

Dagens barnehage vil kunne dekkja behovet for barnehageplassar mange år framover.

Folketalsutvikling i mange kommunar — inklusiv Bokn — har vore negativ i fleire år. For ein stor del heng dette saman med at arbeidsinnvandringa til Norge er redusert samtidig som ein har hatt ei sterk flyttestraum — frå dei fleste regionar til sentrale austlandsområde.

Som fylgje av Rogfast-utbygging med nærheita til Stavangerregionen, men også på grunn av dei store næringsområda som skal utviklast på Haugalandet i nærområda til Bokn må det forventast at mange vil sjå Bokn som attraktiv stad for både busetting og næringsetablering når nytt vegsamband står ferdig. Bygging av Hordfast vil ytterlegare forsterka dette.

Til tross for at dei fleste kommunane på Haugalandet også i 2019 hadde negativ eller svak folketalsvekst — var auken i Bokn på heile 1,4 %.

Planlegging av bustadområde og næringsområde tar tid. Det er viktig at kommunen ved revidering av arealdelen av kommuneplanen sikrar tilstrekkeleg med areal til bustad- og næringsområde. Næringsområda sør for Knarholmen må regulerast, men er avhengig av SVV sine planar for ny 4 felts veg som skal knytte Rogfast opp mot planar for ein ny veg Bokn — Førde.

Stortinget vedtok våren 2016 eit nytt inntektssystem for kommunane som vil føra til reduserte inntekter for Bokn i forhold til dagens økonomiske rammer. Dette vil gi kommunen utfordringar i forhold til å oppretthalde det tenestetilbodet Bokn har i dag. Dei økonomiske utfordringane blei i tillegg ytterlegare forsterka som fylgje av Stortinget sitt vedtak om å fjerna eigedomsskatt på verk og bruk.

Det nye inntektssystemet for kommunesektoren fører til at Bokn vil få reduserte inntekter framover. Sett i samanheng med den demografiske utviklinga i Bokn med låge fødselstal får dette store konsekvensar ikkje bare for økonomien, men det vil også kunne føre til overtallighetsutfordringar i forhold til tilsette i skule og barnehage. Det viktigaste tiltaket før å unngå denne negative utvikla er å få busett fleire unge med born.

Økonomi er ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester.

Kommunen må driva eit løpande arbeid med innovasjon og omstilling for å ivareta god drift innanfor små økonomiske rammer slik at kommunen fortsatt skal kunna tilby innbyggjarane gode lovfesta tenester og tilsette interessante og spennande arbeidsoppgåver. Sjølv om økonomi er viktig er dei gode kommunale tenester er ein likevel fyrst og fremst avhengige dyktige medarbeidarar.

Sentralt som Bokn ligg, nært opp til arbeidsmarknader både sør og nord for Boknafjorden, er det mange kommunar som konkurrerer om denne arbeidskrafta. Det er derfor viktig å ta vare på denne ressursen gjennom ein personalpolitikk som gjer oss konkurransedyktige i forhold til andre kommunar.

Bokn, april 2020


Jan Erik Nygaard

Rådmann

FOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 2013 - 2019

ÅR	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Fodde	1	8	12	4	9	6	10
Dode	2	5	8	8	3	8	6
Fodselsoverskott	-1	3	4	-4	6	- 2	4
Innflytting	21	35	40			32	20
Utflytting	15	41	44			34	12
Netto flytting	6	-6	-4	-6	-17	- 2	8
Folketalsvekst	5	-3	0	-10	-11	- 4	12
Sum innbyggjarar	868	865	865	855	844	840	852

Folketalsvekst 2013 - 2019



Sterk folketalsutvikling

Befolkningsveksten for Norge i 2018/2019 er den lågaste på 10 år som følgje av låge fødselstal, lågare innvandring og høg utvandring.

Bokn fekk i 2019 likevel ei auke i folketalet på 12 personar. Det blei 10 fødde og 6 personar døde. Netto innflyttinga var på 8. Dei Øvrige kommunane på Haugalandet hadde enten negativ folketalsutvikling eller minimale endringar.

2 Rammeområde 1

2.1 Innleiing

Sentraladministrasjonen omfattar dei politiske og administrative tenestene i kommunen. Dei administrative funksjonane er rådmann, data, servicetorg, økonomi, lønn og personale.

Tenestene som dette rammeområdet omfattar er politisk aktivitet og overordna administrasjon av kommunen som utgjør ca 45% av utgiftene på rammeområdet. Resten av utgiftene ca 55% gjeld fellesutgiftene til tenesteproduksjon. (jmf. Resultatvurdering, andre tenester)

Sentraladministrasjonen er organisert under kommunalsjef administrasjon. Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi.

Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid, Start lån og kommuneplanarbeid.

2.2 Ressursbruk

Driftsresultat	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik frå Budsjett 2019
Brutto utgifter	13.824	17.381	14.943	-2.434
Brutto inntekter	15.271	-790	-3.005	-2.215
Netto utgift	-886	16.591	11.938	-4.653

Inntektsauken er:

Refusjon meirverdiavgift ca 1,1mnok, men same beløp i auka mva kostnad er ført i rekneskapen

slik at effekten er 0.

Refusjonskrav frå andre ca 1,3mnok.

Utgiftsreduksjonen skuldast:

Reduksjon i lønn og pensjonsutgifter pga vakant stilling i deler av 2019: 0,1

mill

Premieavvik:

2,1

mill

Bemanning	2015	2016	2016	2017	2018	2019
Årsverk rådmann/stab.	2,38	2,37	2,38	2,38	2	2

Årsverk sentraladm.	5,6	5,0	5,0	5,0	4,8	5,7
---------------------	-----	-----	-----	-----	-----	-----

Bemanninga har elles vore stabil og ein har god fagleg kompetanse i stillingane.

Sjukefråvær i sentraladministrasjonen

Sjukefråvær	2015	2016	2017	2018	2019
	0%	1%	0,6%	1,3%	1,4%

Sjukefråværet i administrasjonen er fortsatt svært lågt.

2.3 Resultatvurdering

Dei ordinære driftsoppgåvene for administrasjonen har ikkje endra seg i forhold til tidlegare år men det har vore mange endringar i korleis ein skal løyse oppgåvene. Nye elektroniske løysingar mot andre offentlege etatar har vore ei utfordring. Digitalisering av tenestene er også ei utfordring både kompetansemessig, men også når det gjeld kapasitet. Dette er eit område som ein arbeider med både i eigen kommune, i samarbeid i fylke gjennom DigiRogaland og nasjonalt gjennom DigiFin.

2.3.1 Teneste 1000 og 1100 Politisk styring / kontroll

Utgiftene omfattar mange ulike kostnader, både kurs, reiseutgifter, bevertning, kontorrekvisita etc. Rekneskapet for 2018 viser eit mindreforbruk på ca 460.000,- ihht vedtatt budsjett. Dette skuldast unytta reservert løyving.

Utgifter til kontrollutval og revisjon var 348.859,- Av dette var 93.340,- ordinær revisjon og 79.420,- forvaltningsrevisjon for oppfølging av sjukefråvær i skule og barnehage samt revisjon av rus og psykiatritenesta i Bokn kommune.

2.3.2 Teneste 1200 — 1203 Administrasjon

Rådmann, IT, personale, servicetorg og økonomi er alle definert som "administrasjon".

Både rådmann, Økonomiavdelinga og Servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. Kartlegging viste at av dei 7,7 årsverka som er tilsette i sentraladministrasjonen utfører ein normalt ca. 3 årsverk i direkte tenesteproduksjon.

Dei resterande 4,7 årsverka i administrasjonen utfører "tenester som betjener hele den kommunale organisasjonen" — dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leing.

2.3.2.1 IKT:

Målsetjing:

Målsetjinga for IT-avdelinga i Bokn kommune er å kunne tilby innbyggjarar og brukarar eit IKTsystem som sikrar stabil drift, høg tilgjengelegheit og god informasjonstryggleik. Dette gjeld både for informasjonsskjermer, nettstad, digitale skjema og serverpark for brukarar.

2.3.2.1.1 DIGITALISERING OG DIALOG MED INNBYGGJARAR OG NÆRINGSLEV

Acos CMS fungerer godt som heimesideløysing for kommunen. Den er ei standardisert løysing med integrasjon mot arkivsystemet i kommunen. Nettstaden inneheld elektroniske skjema for innbyggjarane. Løysinga har vore svært stabil etter at ho blei tatt i bruk, sida blir regelmessig oppdatert. Kommunen brukar i tillegg Facebook til informasjon og dialog. Kommunen blir regelmessig kontakta gjennom denne via meldingar frå publikum.

Kommunen har 5 digitale informasjonsskjermer. Informasjonsskjermane blir regelmessig oppdaterte med informasjon frå kommunen og frivillige aktørar i Bokn kommune.

Bokn kommune brukar SvarUT/INN frå KS. Denne tenesta er integrert med arkivsystemet i kommunen. Dette betyr at kommunen kan sende post til næringslivet og innbyggjarane gjennom Altinn eller SPD (Sikker digital postkasse, t.d. Digipost). Bruk av denne tenesta, som er ein nasjonal felleskomponent, gjer arbeidet for sakshandsamar enklare og meir effektivt, i tillegg er det kostnadsreduserande for kommunen.

Karmøy kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Bokn kommune ansvaret for ei rekke tenester innanfor teknisk og oppvekst. Lagring og bruk av data knytt til innbyggjarar i Bokn kommune er regulert gjennom verstkommunesamarbeidet. Karmøy kommune er ansvarleg for lovmessig handsaming, oppbevaring og arkivering.

2.3.2.1.2 DATASIKKERHET OG DRIFTSAVTALAR

Bokn kommune har i 2019 hatt ei stabil IT- drift utan uønska hendingar. Etableringa av naudstraumsaggregat i samband med bygginga av nye omsorgsbustadar har bidrege sterkt til dette. Uforutsette driftsavbrot stans i samband med straumbrot er avverga og kommunen har betra beredskapen vesentleg.

Kommunen har ikkje hatt kjende brot eller avvik knytt til informasjonstryggleik i 2019.

Kommunen tar fysisk back-up av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovudserver, både lokalt og regionalt i Norge. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom og rom for hovudserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. Nettverket er bygd slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon i samsvar med Datatilsynet sine krav til . Kommunen har hatt gjennomgang med nettverkskonsulent for å kvalitetssikre nettverket mot inntrengarar.

Bokn kommune har, som alle andre kommunar, utfordringar med alle einingane som blir brukte privat og i jobbsamanheng. Dette gjeld til dømes private smarttelefonar og nettbrett. Kommunen har reglar for dette og arbeider kontinuerleg med system som kan ivareta tryggleiken best mogeleg samtidig som brukarane skal oppleve IT- systema som framtidsretta og tilgjengelege.

Kommunen arbeider systematisk med å innhente databehandlaravtalar med alle partnarar, jf. krav frå Datatilsynet, samt å risikovurdere ulike IT-avtalar. Dette arbeidet aukar i omfang. Kommunen har arbeida med GDPR, EU si nye forordning om personvern blei norsk lov i juni 2018. Dette inneber kartlegging av og informasjon om personopplysningar som kommunane behandlar

for å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane. Behandlingane er no for det meste kartlagde og ein har starta arbeidet med å risikovurdere desse.

Kommunen har godkjende lisensar for programvare og anti- virusprogram på alle PCar og serverar. Microsoft sine lisensreglar for Office er kompliserte og det har tidlegare vore vanskeleg å halde kontroll over at alt var lovleg. Nå er dette under kontroll, og kommunen betalar berre for det talet brukarar me til ei kvar tid har i systemet. Dette sikrar enkel opp- og nedskalering av lisensar ved behov.

I samband med innkjøp av nye system har kommunen no kjøpt vedlikehaldsavtalar på lisensar. Dette skal sikre regelmessige oppdateringar av serverar, programvare m.m. for å skape ein jamnare kostnadsfordeling og oppdaterte system. Dette er ei utfordring for små kommunar i og med at ein har få brukarar å fordele kostnadane på. Derfor prøver kommunen, så langt råd er, å inngå avtalar der ein betalar pr. brukar.

2.3.2.1.3 SERVERPARK OG PCAR

Vi har nå om lag 190 PCar og serverparken består av 5 fysiske serverar og 50 virtuelle. I tillegg kjøper kommunen datalagring hos ulike leverandørar.

Grunna stans i prosjekt knytta til felles IKT- eining på Haugalandet blei det investert i to nye serverar i 2019.

Behovet for utskifting av PCar skjer jamnleg. Kommunen har no fjerna alle maskinar med forelda operativsystem frå datamiljøet. Når det gjeld bærbare pc til lærarar og elevar pc har vi desse på leasing, alt anna datamaskinkjøp er ordinært. Gjennomsnitt levetid pr PC er 3-7 år, avhengig at type (berbar/stasjonær) og bruk. I dag brukar me til dømes resirkulerte elevmaskinar som klientar i helsenettet.

Skulen har no over 130 nettbrett i drift. Dette har enkelte gonger belasta nettverket kraftig, men det ser ut til at skalering og innstilling har løyst problema etter kvart som dei har dukka opp.

Alle politikarane i Bokn har eit nettbrett kvar. Det vil bli arbeidd mot at politikarane blir tettare knytte inn mot det kommunale IT- systemet slik at ein kan bruke felles arbeidsplattformer for utveksling av e-post og saksdokument.

2.3.2.1.4 NETTVERK OG TRÅDLAUST NETT

Kommunen har no eit stabilt 10 gb nettverk i drift.

Boknatun, skule, biblioteket og Bokn arena er nå dekkja av trådlause nett. Tilsette i kommunen har tilgang til utskrift og server så lenge dei er innanfor rekkevidde av Bokn sine nett. Dette styrkar fleksibiliteten og har m.a. gjort det enklare å bruke Bokn arena til kurs med vidare. Det er nå aksess -punkt som dekker heile skulebygget og store deler av Boknatun.

Nettet er blitt oppdatert kraftig med redundans og utvida tryggleik i samband med at ein har innført nettbrett i skulen og velferdsteknologi i nytt omsorgsbygg.

2.3.2.1.5 VELFERDSTEKNOLOGI

Bokn kommune har framleis driftsavtale på tryggleiksalarmar med Haugaland Kraft. Tilbakemeldingane har så langt vore gode. Systemet er skalerbart og vil bli nytta hos heimebuande, personar i omsorgsbustadar og personar på institusjonsrom. Det er no installert

alarmar i alle nye bustadar og eksisterande bygg. IT- avdelinga driftar alarmtelefonar og lokal alarmsentral.

Kjøp av tenester

Økonomiprogramma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane (4stk) som er med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service.

Dei kommunale programma (matrikkell, Gisline, Komtek) blir drifta av Karmøy.

Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

2.3.2.1.6 KOMPETANSE OG SAMARBEID

IT- avdelinga har eit nært samarbeid med konsulentar og fagpersonell i andre kommunar gjennom m.a. nettverksmøter på IT-sjef nivå.

IT- avdelinga deltek på regional og nasjonale samlinga og konferansar for fagleg oppdatering og utvikling.

IT-avdelinga deltek på felles anbod (8 kommunar) om nytt sakshandsamingssystem med arkiv. Acos er valt som leverandør og kommunen skal installere oppdatert versjon av Websak. I samband med dette skal ein også ta i bruk politkarportal.

IT- avdelinga har arbeidd i to forprosjekt for utgreiing av eit eventuelt IKT- samarbeid mellom 8 kommunar på Haugalandet. Prosjektgruppa som bestod av IKT- leiarar i Tysvær, Sveio, Etne/ Vindafjord, Haugesund, Karmøy og Bokn leverte ei samla tilråding om etablering av felles IKTeining på Haugalandet. Saka blei handsama på rådmannsnivå i kommunane hausten 2019. Rådmennene i Haugesund og Karmøy gjorde vedtak om å stanse vidare arbeid.

Det er starta opp eit arbeid i regi av Haugaland Vekst om ny felles anbodsutlysing innan velferdsteknologi. Bokn kommune har forplikta seg til dette samarbeidet. 8 Haugalandskommunar er med, i tillegg til Sauda og Suldal.

2.3.2.1.7 IT-AVDELINGA ROLLE I KOMMUNALE PROSJEKT

Nye prosjekt som kommunen startar opp krev i ulikt omfang involvering frå IT-avdelinga i kommunen. Avdelinga deltar tidleg i alle nye prosjekt som rådgjevar og innkjøpar. IKT- avdeling er no involvert i nytt skulebygg.

2.3.2.2 SERVICETORG

Servicetorget er publikum, innbyggjarar og samarbeidspartnerar si kontaktflate inn mot dei fleste av kommunen sine tenester. Ein av dei ansatte i servicetorget har sin arbeidsplass på skulekontoret og er fysisk plassert i Bokn skule, men er i tillegg ein del av arkivtenesta i Servicetorget og handtere skulekontoret sine arkiv i tråd med dei felles arkivreglar og planar ein har for Bokn kommune sitt arkiv.

Målsetjinga er at kommunen sine brukarar skal få ein positiv opplevelse av kommunen sine kontaktpunkt. Dette inneber at informasjon som blir gitt av Servicetorget sine ansatte om kommunen sine tenester og/eller hjelp til kontakt med rett saksbehandlar blir oppfatta som korrekt og av god kvalitet i tillegg til at servicemøte blir oppfatta som positivt.

Dei ordinære oppgåvene for servicetorget er:

- kontaktpunkt telefoni og digitalt, • Fysisk publikumsmottak
- Kommunens offisielle postmottak • arkivansvar
- Politisk sekretariat inkl. valsekretariat
- Bustøtte og startlånskontor
- Parkeringstillatelser for funksjonshemma
- Brukarstøtte for kommunen sitt sak/arkivsystem
- Krisesekretariat ved beredskapssituasjonar • Utlegg av nyheter på kommunen si nettside
- interne fellesfunksjonar som innkjøp av kontorrekvisita, reisebestilling, booking av møterom og liknande.

2.3.2.2.1 PERSONVERNOMBOD

Personvernsombudsrolla for Bokn kommune er ein funksjon som lagt til leiar i Servicetorget. Per i dag har ein kartlagt systema som kommunen sine behandlingar skjer i, og det gjenstår å kartleggja nokre av dei enkelte behandlingane som kommunen gjer i dei elektroniske systema vi saksbehandlar i. ROS-analyser av systema som ein samla arbeidsoppgåve vil deretter bli utført i 2020.

2.3.2.2.2 KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALET

I tillegg til dei ordinære arbeidsoppgåvene har ein avvikla Kommune- og fylkestingsvalet 2019 i Bokn kommune som i resten av landet. Det har satt preg på arbeidsdagen heile 2019 og spesielt i perioden for førehandsrøystinga sommaren 2019 og sjølvje valdagen hausten 2019.

2.3.2.2.3 SAMARBEID MED ANDRE KOMMUNAR OG IKS

Kommunane på Haugalandet: Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn og Vindafjord har starta eit samarbeid om kommunane sine arkiver der ein har laga eit forum for å løysa arkivfaglige spørsmål saman. Dette samarbeid fungerer godt og vil forsette framover til dømes med å lage arkivplanar og felles rutinar på enkelte arkivfaglige oppgåver.

Videre er dette samarbeidet utvida til å gjelde også Sveio og Etne grunna prosjektet om felles sak/arkivsystem for alle kommunane på Haugalandet — «Acos-prosjektet». I dette prosjektet deltek leiar i servicetorget i Prosjektgruppa for arkiv og førstesekretær i Prosjektgruppa for politiske sekretariat. Dette er eit krevjande arbeid med møter og arbeid med spørsmål som skal avklarast og rutinar som skal utarbeidast for å kunne ha mest mulig lik saksbehandling, måtar å arbeide på for innbyggjarane på Haugalandet. Dette arbeidet skal vere ferdig til innføring av nye system frå Acos for alle kommunane på Haugalandet vår/sommar 2020.

Bokn kommune er som tidlegare år medeigar i Interkommunalt arkiv for Rogaland IKS og nyttar seg av deira arkivfaglige kompetanse ved behov. Kommune har også deponert dei eldste av kommunearkiva sine i IKA Rogaland IKS sitt arkivdepot. Det er satt eit mål framover om å rydde, ordne og rense i fysiske arkiver i Bokn for å kunne deponere mest mogleg av papirarkiv til vårt depot hos IKA Rogaland IKS når vi blir fullelektroniske arkivmessig i framtida, når alle våre system er godkjente for å vere fullelektroniske.

2.3.2.3 Personalfunksjonen

Kommunen arrangerer årleg ein felles julelunsj for alle tilsette og på dette arrangementet vert det også utdelt gratiale for tilsette med 15 eller 25 års teneste. Ved årsskiftet hadde kommunen

20 tilsette med 25 eller fleire års teneste og 22 tilsette med 15 -24 år. Tilbakemeldingane er et dette arrangementet er svært positivt.

Kommunen har tatt i bruk elektronisk søknadsportal for ledige stillingar. Dette fungerer veldig bra og er ressurs sparinge for saksbehandlarane. Det er full integrasjonen mellom personalsystemet og sak/arkiv systemet.

2.3.2.4 Folkehelse

Folkehelse - årsmelding 2019

Oversiktsdokumentet (Folkehelsa i Bokn), Handlingsplan for folkehelse, partnerskapsavtalen med Rogaland Fylkeskommune samt Folkehelselova er styrande for aktiviteten innaføre folkehelsearbeidet. I tillegg er det verd å nemna Plan og bygningslova som premissgjevande i arbeidet.

Aktiviteten har, som føregåande år, vore høg. 1 2019 har ein, gjennom kommunalt planarbeid, hatt høgt fokus på kva som dannar grunnlaget for god helse i befolkninga.

Av gjennomførde tiltak kan blant anna nemnast:

Danseworkshop for born og unge

Innkjøp av nytt piano til kulturskolen/kommunen

Gla' trim

Tell Tur

Rydding av tursti

Førstehjelpskurs for ansatte i administrasjonen

Samarbeid på tvers av organisasjonar og sektorar (Det vart t.d. i samarbeid med Bokn Pensjonistforening, invitert til turar til bassenget i Tysværtunet hausten 2019). Implementering av evalueringverktøy (for evaluering av folkehelsetiltak)

Deltaking i Haugaland Folkehelseforum og i fagnettverket FOUSAM

Partnerskap for folkehelse RogFK

Fleire kampanjer via AV OG TIL -satsinga

Frisklivsentral (basistilboda)

1 2019 har folkehelse i stor grad vorte fremja i lys av revideringa av samfunnsdelen til kommuneplan 2019-2023. Det er positivt. Det er på sin plass å nemna at kommunen har deltatt aktivt i høyringsrundane knytt til utarbeiding av regional planstrategi dette året. I tillegg har ein brukt tid på å søkja om, og vorte tildelt, midlar for vidare arbeid med barnetråkk (som ledd i revidering av Trafikksikkerhetsplan Bokn kommune), med plan for samordning frivillig sektor/offentleg sektor samt prosjektet "Opplev Bokn". Folkehelse vert stadig betre integrert i planarbeidet generelt i kommunen.

1 2018 fekk kommunen utvikla eit evalueringsverktøy for effektiv og systematisk evaluering av folkehelseiltak. Av tiltaka ein har gjennomført i 2019 er 4 evaluert basert på dette verktøyet. Det er ein god start på eit viktig evalueringsarbeid generelt sett.

Oversiktsdokumentet (Folkehelsa i Bokn), Handlingsplan for folkehelse, partnerskapsavtalen med Rogaland Fylkeskommune samt Folkehelselova er styrande for aktiviteten innaføre folkehelsearbeidet.

Aktiviteten har, som føregåande år, vore høg.

Av gjennomførde tiltak kan blant anna nemnast:

Glatrim

Tell Tur

Samarbeid på tvers av organisasjonar og sektorar

Rydding av tursti

Utvikling av evalueringverktøy (for evaluering av folkehelseiltak)

Deltaking i Haugaland Folkehelseforum og i fagnettverket FOUSAM

Partnerskap for folkehelse RogFK

Fleire kampanjer via AV OG TIL -satsinga

Frisklivsentral (basistilboda)

Folkehelse har og, siste del av året 2018, vorte enno betre integrert i planarbeidet generelt i kommunen.

2.3.2.5 Økonomi.

Dei ordinære oppgåvene innanfor økonomi er budsjettering, økonomistyring, kommunal bokføring, mottak/scanning av inngåande faktura, utgåande fakturering og lønn. I tillegg har avdelinga fokus på at vi kan utføre tenester for seksjonane på områder kor det er behov for fagkompetanse innan økonomi- / personal, og har også overtatt ein del oppgåver som effektiviserer og kvalitetssikrar saksbehandlinga.

Kommunen kan sende og ta imot elektronisk faktura. Ennå kjem ein del fakturaene på papir, men dei fleste av leverandørane våre sender nå elektronisk faktura. Verre er det med eFaktura eller Avtalegiro ut til kundane, her er det fortsatt mange som får papirfaktura. For eksempel er det ca 220 som mottar papirfaktura på kommunale avgifter og kostnaden pr. år i reine portoutgifter er 13.000,-, i tillegg kjem blankettar og arbeid.

Bokn har ein del innkjøpsavtalar via eHandel. I hovudsak gjeld dette forbruksvarer.

Skatteoppkrevjarkontoret:

Haugesund kemnerkontor er eit felles skatteoppkrevjarkontor for Haugesund, Tysvær, Utsira og Bokn. For Bokn i 2018 blei det innfordra 83,6 mill. kroner i skattar og avgifter. Innfordringa og

restansesituasjonen er redusert med utestående krav på ca 0,65 mill ved årsskiftet mot 1,8 mill. ved utgangen av 2017.

Bokn kommune deltar Haugaland interkommunale Arbeidsgivarkontroll saman med 9 andre kommunar. Det er gjennomført 2 arbeidsgivarkontroll i 2018.

Med virkning fra 1. juni 2020 er skatteoppkrevinga overført frå kommunane til Skatteetaten.

2.3.2.6 Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet

Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet fungerer slik at Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdier og utlysing av anbud i Norge eller EØS-området. Vi andre kommunane i samarbeidet kjem med i arbeidet når vi skal vurdere dei innkomne tilboda og foreta eit val av leverandør. Bokn kommune er med på 34 felles avtalar.

2.3.2.7 HMS / arbeidsmiljø sjukefråværet i kommunen har store endringar frå år til år.

	Dagsverk	fråver i %
2008	741	4%
2009	1640	8,1%
2010	1273	6,3%
2011	1040	5,3%
2012	1239	6%
2013	1381	6,5%
2014	1598	7,1%
2015	1116	5,2%
2016	1600	7,2%
2017	1496	6,9%
2018	1189	5,6%

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA) som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfølging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben. Frå januar 2019 vart det endringar i IA avtalen, bl.a. er det slutt på tilretteleggingstilskot. Den enkelte seksjon har kommentert sitt fråvær nærare.

2.3.2.8 Arbeidsmiljøutvalet.

AMU har hatt 3 møter i 2019.

Fagforbundet har hatt leiarfunksjonen i denne perioden. Sekretær er som tidlegare Solrunn Alvestad. Vår bedriftshelseteneste, AktiMed deltar på alle AMU møter og i tillegg deltar vår IA kontakt på 2 av møtene, eit på våren og eit på hausten.

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 t grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

AktiMed er ein aktiv medspelar i HMS arbeidet. AktiMed , arbeidsgivar og tillitsvalde har årleg 2 møter for å utarbeide konkrete samhandlingsplanar for den enkelte arbeidsstad og oppfylgning av desse.

Ingen saker har blitt tatt opp med Akan-kontakten i året som gjekk.

2.3.3 Beredskap.

2.3.3.1 Beredskap. Revidert beredskapsplan. Plan for krisekommunikasjon

Bokn kommune hadde våren 2018 tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap av Fylkesmannen. Tilsynet påvist nokre avvik som blei lukka gjennom ein revidering av overordna ROS, revidering av beredskapsplanen og revidering av samfunnsplanen til kommuneplanen som blei ferdigbehandla av kommunestyret i 2019.

2.3.3.2 Beredskapssamlingar

Bokn har frå hausten 2019 hatt felles beredskapskoordinator med Karmøy kommune og kommunen er representert på regelmessige møter om beredskap og Fylkesmannen sine årlege beredskapssamlingar.

2.3.3.3 Felles øvelse for kommunane på ytre Haugalandet.

Det har i 2019 ikkje vore arrangert felles øvelse for kriseleiinga på ytre Haugalandet, men det er det blei avholdt ein felles øving i januar 2020.

Målet med øvelsen er samspel og samarbeid med de andre kommunane på Haugalandet, i tillegg til at det skal øvast på bruk av krisehandteringsverktøyet CIM.

2.3.3.4 Samarbeidsavtaler

Bokn kommune og Bokn Røde Kors har inngått samarbeidsavtale om beredskap. Tilsvarende avtale er gjort med Bokn sanitetsforening.

2.3.3.5 CIM

Personell i kriseleiinga, krisesekretariat og andre som er tildelt oppgåver i beredskapsplanen brukar CIM som verktøy ved krisehandtering.

2.3.3.6 Handlingsplanar

Beredskapsplanen inneheld ein oversikt over prioriterte tiltak med ansvar og fristar for gjennomføring. Ny revidert handlingsplan er utarbeidd i samband med revisjon av beredskapsplanen.

2.3.3.7 Kostnader

Gjennom delegeringsreglement og beredskapsplan har Rådmannen fullmakt til å kunna bruka inntil kr. 100.000,- i forbindelse med uforutsett utgifter i forbindelse med gjennomføring av beredskapstiltak.

2.3.3.8 Videre oppgåver:

Beredskapsplanverket er etter kvart «komme på plass». Vidare arbeid vil skje i nært samarbeid med beredskapskoordinator og kriseleiinga i kommunen.

2.3.4 Teneste 2410, 2420 og 2430 Diagnose, behandling og rehabilitering,

Sosial rådgiving og veiledning / NAV

2.3.4.1 Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik frå Budsjett 2019
Netto utgift	1.723	1.720	1.473	247

Tenesta har vore ivaretatt av NAV Karmøy sidan medio 2017. og er eit godt utbygd kontor med høg kvalitet på tenestene. Ulempene for Boknarane er at ein må møte i Kopervik for å få tenestene dersom det ikkje kan ordnast elektronisk.

2.3.5 Teneste 2440, 2510 og 2520 Barnevern

2.3.5.1 Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik frå Budsjett 2019
Netto utgift	1.428	1.420	1.245	175

Frå 2014 har Bokn deltatt i eit interkommunalt samarbeid med Karmøy kommune. Samarbeidet fungerer godt. Fylkesmannen gjennomførte i 2019 eit felles tilsyn i det interkommunale barnevernet der ordførarar og rådmenn i begge kommunane deltok.

2.3.6 Teneste 3250 og 3251 Næring og landbruk

Næringsarbeidet blir ivaretatt av ordførar, rådmann og Anne Askeland som no har stilling som samfunns- og utviklingssjef i Bokn kommune.

Haugaland Vekst IKS har fokus på regionale saker, men vil i tillegg leggja til rette for kurs mv. for gründerar og andre som treng hjelp til å etablera seg med eiga verksemd.

Landbrukstenesta er i løpet av 2017 overført frå Tysvær til Karmøy, men vil elles fortsetta som tidlegare.

Som tidlegare år vart det i 2019 sett av midlar (kommunalt tilskott) til drift av Destinasjon Haugesund og Haugalandet as.

Næringsfondet blei auka med kr. 200.00,- i 2019 ved bruk av overskot på kommunerekneskapen for 2018. Gjennom tildelingar frå næringsfondet i 2019 og 2020 er det no lite midlar igjen i

fondet. Det vil vere naturleg at styrking av fondet vurderes på ny ved behandling av rekneskapen for 2019.

2.3.7 Teneste 3900, 3920 og 3930 Kyrkja og andre religiøse formål

Kommunen har nå det heile økonomiske ansvaret for kyrkja. I rekneskapen for 2018 var overføringane til kyrkja og kyrkjegard totalt kr. 1.088.996.-. Av dette kjøper kyrkja økonomi/lønn og vaktmester tenester frå kommunen for ca kr.108.000. Frå og med 2013 har ein i budsjettet vedtatt å setje av kr. 30.000,- årleg til kjøp av nytt orgel

2.3.8 Andre tenester

Ca. 55% av sentraladministrasjonen sine kostnader gjeld driftsutgifter for seksjonane; bl.a. innkjøp av kontorrekvisita, post, forsikringar, felles data program/linjer, telefon og løn for dei driftstenestane som vert utført for andre.

2.4 Utviklinga framover

Digitaliseringsarbeidet ein no er komme i gang med i offentleg sektor vil i stor grad påvirka arbeidsmåte og arbeidsoppgåver i sentraladministrasjonen. Felles arkiv/saksbehandlingsprogram for kommunane på Haugalandet vil også legge til rette for eit større interkommunalt samarbeid som både vil gi auka kompetanse i den enkelte kommune, effektivisering av tenesten og gjere oss mindre sårbare i forhold til vakansar i stillingar.

IKT planen for kommunen med oppgradering av program og nye web-baserte dataverktøy, vonar vi skal føre til betre dataflyt mellom seksjonane, og gi betre oversikt og tilgang på informasjon / styringsdata. Digitalisering av tenester vil kunne effektivisere arbeidsoppgåvene og gi betre tenester til brukarane.

For Bokn vil det kunne vere aktuelt å utvide det samarbeidet ein har med dei andre kommunane på Haugalandet — både for å styrke utviklinga av regionen, men fyrst og fremst for å oppretthalda eit godt tenestetilbod til Boknarane.

Tilrettelegging for busetting og etablering av ny verksemd vil måtte vere hovudutfordringa for heile kommunen. Sentraladministrasjonen med rådmann, planavdeling, næringsavdeling og folkehelse vil vere sentrale aktørar når det gjeld å iverksette politiske vedtak som kan legge til rette for dette.

3 RAMMEOMRÅDE 2 - SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE

3.1 Innleiing

Seksjonen har fylgjande tenestekområder

- Kultur
- Bibliotek
- Idrett
- Barnehage
- Skule
- Spesialpedagogiske tenester

3.2 Ressursbruk

Driftsresultat (heile	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik 2019
Brutto utgifter	31 048	25 823	27 328	-1 505
Brutto inntekter	-3 989	-3 097	- 4 187	1090
Netto utgift	27 059	22 726	23 141	415

Merknader til driftsrekneskapen

Avvik skuldast i hovudsak for låg budsjettering i lønnskostnader i faste stillingar. Samstundes vart det 2. halvår ei auke i årsverk knytta til barn med behov for spesialpedagogisk hjelp. Budsjettet var derfor ikkje reelt for antall faste stillingar i skule og barnehage.

Arsverk i rammeområdet

Stillingar/årsverk	2015	2016	2017	2018	2019
Barnehagen	9,69	8,59	10,8	10,2	9,02
Barnehagen styrking	0,80	0,80	0,75	0,75	1,511
Skule inkl.SFO	21,78	22,38	22,38	22	22,09
Reinhald skule, barnehage og idrett.	2,81	2,81	2,81	2,81	3,182
Biblioteket inkl skulebibl.	0,97	0,97	0,97	0,97	0,97
Musikk og kulturskulen	0,65	0,65	0,65	0,90	0,90
Barne/ungdomsarbeidar	0,5	0,3	0,3		
Kultur og idrett	0,34		1	1	1
Sum stillingar/årsverk	39,96	39,50	39,36	38,63	38,56

Sjukefråvær

	2015	2016	2017	2018	2019
Totalt for seksjonen	5,1%	7,7%	7,4%	5%	6,2%

¹ Auka med 0,97 årsverk frå 1.8.2019

² Reinhald i barnehagen er tidlegare år lagt inn under årsverka i barnehagen.

3.3 Resultatvurdering:

Kultur

Tenesteområde kultur omfattar kommunal drift av kulturaktivitetar, kulturbygg og Bokn musikk og kulturskule. Tenesteområdet dekkjer allmenne tilbod, tilbod til grupper som utviklingshemma, seniorar mm, samt ulike program som Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.

3.3.1 Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, og teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Samanlikna med 2018 hadde Petra fritidsklubb ein nedgang i både arrangementstal og gjennomsnittstal. Derimot er klubben veldig populær for mellomtrinnet.

Klubben arrangerte LAN/Aktivitetshelg (8.-10. mars) i Bokn Arena. Etter søknader til Ungdom og Fritid blei det innvilga midlar til supplering av E-sportsutstyr og til temakveld.

Den tradisjonelle julemiddagen (oppretta på 1990-talet) blei ikkje arrangert i 2019, dels pga. dårleg økonomi - dels pga. dalande interesse. 21 ungdomsskuleelevar frå Bokn deltok på juleballet Tysvær kulturkontor arrangerte for ungdomsskulane i Tysvær. Dette var svært populært.

Driftsgrupper var 9. kl.-foreldre i vårhavåret og 8. kl.-foreldre i hausthalvåret. Dei fleste ungdommane på Petra var frå 8. og 9. kl. Det kom også nokon frå 10. kl. og nokre fleire frå 1. vgs. Tendensen har dei siste åra vore at organisert fritidsklubb er mest populær for mellomtrinnet til og med 9. klasse.

3.3.2 Teneste 3750 Museum

18. februar blei det føretatt ei husdatering av kårhuset og røykstova på Laupland. Det viste seg at dei fleste prøvane var for mangelfulle til å få ei sikker datering; for mange skader/brot. Ny datering i 2020.

Direktør i Haugalandmuseet, Mads Ramstad (th) og dendro-ekspert Andreas Kirchhefer framfor kårhuset og røykstova på Laupland.
Foto: Arvid Sæbø

På sjuande året hadde Bokn historielag sommarope på Håland. Nytt av året var inngangsprisar, lik dei andre avdelingane i Haugalandmuseet. Dette bidrog til låge besøkstal.

Den nye organiseringa av Haugalandmuseene førte i 2019 til følgjande:

Gåvubrev frå Bokn kommune til Haugalandmuseet AS o Gjenstandane i utstillinga på Bokn bygdemuseum (Håland) — ca. 3 000 stk. o Gjenstandar som tilhøyrer til bygdemuseet, lagra på skulen — ca. 50 stk. o Festerett til grunnen under røykstova og kvernhuset på Laupland.

Overdraging av skjøte på festeretten på Laupland, Gnr. 15 Bnr. 5 Festenr. 1 og 2 Leigekontrakt, Ungdomshuset på Håland.

- o Haugalandmuseet leiger huset av Bokn kommune. Avtalen gjeld til 31.12.2044. o Utleigar kan krevja årleg husleige.
- o Leigetakar kan innreia lokala innvendig i samråd med utleigar.
- o Utleigar dekkjer driftsutgiftene ved bygningen, inkl. forsikring og vedlikehald. Avtale, Kårhuset (Øykjahuset) på Laupland, mellom Bokn kommune og Haugalandmuseet.
- o Haugalandmuseet skal gjera ei vurdering av:
 - Husets tekniske stand og om det er teknisk mogleg å restaurera huset, og
- o husets kulturhistoriske betydning o Dersom det er teknisk mogleg og partane vurderer det som kulturhistorisk/museumsfagleg forsvarleg å restaurera huset, skal partane:
 - o Innhenta informasjon om kva ei slik restaurering vil kosta, og
 - o Undersøka om og korleis det er mogleg å finansiera ei slik restaurering.
- o Dersom partane blir samde om restaurering, er Haugalandmuseet villig til å ta over eigarskapen til huset og festeretten til grunnen og stå for forvaltinga og vedlikehaldet av huset etter at det er restaurert.
- o Ev. restaurering skal gjerast under museumsfagleg styring av Haugalandmuseet

3.3.3 Teneste 3770 Kunstformidling

3.3.3.1 Kunst og kulturformidling

Kunst og kulturformidling skjer i stor grad gjennom samarbeid mellom kultureininga og bibliotekseininga og dei andre einingane i kommunen. Biblioteket vert i stor grad nytta som arena for formidling, både i forhold til program som er i den kulturelle spaserstokken og den vekentlege tysdagskafeen.



Songstund på biblioteket.

Den Kulturelle Skulesekken er ein viktig del av kulturformidling til born og unge i Bokn kommune. Interne forhold gjorde at det ikkje vart lagt ein plan for den kulturelle skulesekken hausten 2018, men aktivitetane for første halvår av 2019 er på plass. I tillegg til skulen deltek og barnehagen på enkelte av arrangementa med den kulturelle skulesekken.



3.3.3.2 Kulturmidlar

Kr. 150.000 i kulturmidlar blei utdelte i 2019. Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

Rune Vatnaland fekk tildelt Bokn kommune sin kulturpris. Frå formannskapet si grunngjeving heiter det at:

Med må/ å ha det kjekt på Bokn har prisvinnaren, med eit enormt pågangsmot og stor entusiasme, tatt de/ i variert dugnadsarbeid i lang tid - alt frå arbeid i idrettslag og velforening ti/ lyssetting av tursti, sjukeheimsprosjekt og Bokn Arena Event.

3.3.3.3 Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar

Innbyggardialog

Med fokus på toveiskommunikasjon blei Dagens bilde innført om våren, på kommunen sin største og viktigaste informasjons- og kommunikasjonskanal; Facebook. Dagens bi/de-serien er eit populært lågterskel-tiltak der alle lesarar kan senda inn og få bildet sitt publisert — gjerne med ein liten tekst. Enkelte bilde fører til god aktivitet i kommentarfeltet, der også kommunen kan koma med informasjon dersom dette er relevant.

Innføring av Dagens bilde samt automatisk deling av artiklar frå nettsida, med kommentarar, delingar og likes, førte til at facebookside fekk over 1 400 følgarar i løpet av 2019.

Nøkkeltal aktivitet

Petra fritidsklubb	13 kveldar — gj.snitt 12 deltakarar
Ungdomsklubb	1 kveldar — 35 deltakarar
Fritidsklubb for mellomtrinnet	
Utleiearrangement kyrkjebygd aktivitetshus	10 utleigedagar
Bokn bygdekino	21 kinokveldar, 40 filmar, gj.snitt 14 sjåarar (10% nedgang frå 2018)
Museumsbesøk Håland	60 personar (meir enn ei halvering frå 2018)
Den kulturell spaserstokk	7 arrangement

3.3.4 Teneste 3830 Musikk- og kulturskule

Musikk- og kulturskulen har som mål å bidra til at Bokn kommune får eit rikare kultur- og musikkliv. Det var i 2019 tilbod om pianoundervisning, kor og korpsundervisning.

Våren 2019 arrangerte Boknakoret/Aksang countrykonsert m/band i Bokn Arena. Dette vart ein flott kveld. Innbyggjarane i Bokn er svært flinke til å støtta opp om eigne arrangement. Det er me takksame for.

Som resultat av fjorårets samarbeid med Bokn Arena Event og Hanne Krogh Production AS, fekk Boknakoret/Aksang også i 2019 samarbeida med Hanne Krogh. Først i september, under opningskonserten av Seniorper/er som er eit årleg arrangement som går over fleire dagar på Tysværtunet. Deretter under julekonserten hennar som denne gong var i Vår Frelzers Kirke i Haugesund.



Pianoelevane har to konsertar i løpet av året, samt at dei stiller opp og bidreg med underhaldningsinnslag ved ulike kulturelle arrangement. Det er kjekt å sjå talenta blomstre — og at dei har fått fleire førespurnader/arenaer å opptre på.

Satsane for kulturskulen blei auka sommaren 2019 — dette for å gjera det mogleg å oppretthalda tilboda me har og for å ha høve til å opprette nye tilbod. Satsane ligg no på same nivå som det nabokommunane opererer med.

Det er flott — og viktig — både for dei som går i kulturskulen, men også for bygda at me har lokale krefter som kan bidra ved ulike arrangement og som kan vera med på å gi Bokn eit rikare kulturliv.

Aktivitet	Elevtal
Pianoundervisning	13
Kor	16
Korps/aspirantar	14
Bokn Brass	16

3.3.5 Teneste 3770 Bibliotek

Dei offentlige biblioteka har som oppgåve å være ein inspirerande og demokratisk formidlar av kunnskap og kultur gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggst vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Biblioteket i Bokn er eit kombinasjonsbibliotek (folkebibliotek og skulebibliotek), og har gjennom året eit breidt arrangement og aktivitetsprogram både som offentlig bibliotek og skulebibliotek. Biblioteket har jamnleg utstilt produkt laga av elevane på skulen.



Det totale utlånet i Bokn for 2019 var 5894 bøker. 6,9 bøker i snitt pr. innbyggjar. I Rogaland Fylke var snittet i 2017 på 4,6 bøker pr. innbyggjar. For Bokn var besøkstalet i 2019 på 3663 besøk, eit gjennomsnitt på 4,3 besøk pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for Rogaland i 2017 var 7,1 besøk pr. innbyggjar.

Nøkkeltal utlån

	2016	2017	2018	2019
Antall utlån	8 790	7 417	6 923	5894
Gj.snitt utlån pr.innb	8,67	8,67	8,2	6,9

Antall besøk	5 902	5 488	5 015	3663
Gj.snitt besøk pr.innb	6,8	6,4	5,9	
Antall utlån av E-bøker		390	394	842

3.3.6 Teneste 3800 Idrett

Tenesteområdet omfattar politikkkutforming på idrettsfeltet innen aktivitetsutvikling, anleggsutbygging, drift og bruk av idrettsanlegg. Kommunen har ikkje ein utarbeida idrettsplan for tenesteområdet. Bokn kommune ynskjer å fremje ein visjon om å være attraktiv for alle. Målet er at flest mogleg innbyggjarar skal være i fysisk aktivitet. Dette vert gjort ved å sikre gode rammebetingelsar i form av å gi tilskudd til organisasjonar og lag som arbeider for å legge til rette for fysisk aktivitet, samt å tilby desse gratis bruk av kommunale idrettsanlegg. Bokn kommuner er opptatt av at det skal være eit mangfaldig tilbod av idrettsaktivitetar til innbyggjarar i alle aldrar.

3.3.7 Teneste 2010 Barnehage

Tenesteområdet omfattar barnehage og spesialtiltak for førskulebarn. Barnehagesektoren vert regulert av barnehageloven med forskrifter. Kommunen er barnehagemyndighet for alle barnehagar i ein kommunen og eigar av dei kommunale barnehagane. Kommunen skal gi veiledning og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

3.3.7.1 Organisering og drift

Bokn kommune har ein kommunal barnehage. Den er ein 3 avdelingsbarnehage, og har plass til 54 barn (rekna ut frå arealkrava). Kommunen har full barnehagedekning.

Ved oppstart av barnehageåret hausten 2019 var det ei auke i barn med rett til spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova, noko som medførte ei auke i årsverk knytt til styrking. Grunnbemanninga i barnehagen føl den nasjonale bemanningsnorma og pedagognorma. Barnehagen har eit hovudopptak på våren, med supplerande opptak på hausten.

Ved utgangen av 2019 var det 36 born i barnehagen og 13 fast tilsette (9,2 årsverk i grunnbemanning inkludert barnehagestyrar). Årsverk til styrking/spesialtiltak kjem i tillegg til grunnbemanninga.

3.3.7.2 Kvalitetsutvikling

Barnehagen sin visjon er «Kjekt i barnehagen, vi lærer heile dagen». Den pedagogiske plattformen bygger på Hauglandsløfte si satsing på relasjonskompetanse («vere saman»). I barnehagen sin årsplan vert det å være ein autoritativ barnehage med vekt på bærekraftig utvikling og friluftsliv løfta fram som hovudsatsingsområde.

3.3.7.3 Ny rammeplan

Ny rammeplan for barnehage vart innført 1.8.2017, og det vart i 2018 og 2019 jobba med å få utvikla progresjonsplanar i tråd med denne. Barnehagen har i 2019 jobba særleg vidare med det ein byrja med i 2018 knytta til livsmeistring og helse, og bærekraftig utvikling. I tema bærekraftig utvikling har ein jobba med å koble saman lokalmiljøets og naturens eigne mat

ressursar, mat og måltidskunnskap og fysisk aktivitet. Barnehagen har bl.a ei utelivsveke, samt at det er faste turdagar kvar veke. Barnehagen har tidelegare år nytta «trollbua» i skogen ved naturstien, men grunna mykje overvatn og nedfall av tre i område har ikkje denne vore nytta dei siste åra. Barnehagen nyttar i staden andre turmål i nærmiljøet i rundt Føresvik og Alvestadkroken, men ser at det på sikt er ynskjeleg med ei ny «Trollbu» i eit anna skogsterreng enn dagens plassering.

3.3.7.4 Desentralisert kompetanseutvikling

Utdanningsdirektoratet kom i 2018 med nye føringar for kvalitetsutvikling i barnehage. Dette inneber at kommunane må samarbeid om kvalitet og kompetanse samt inngå eit forpliktande samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å få tildelt nasjonale kompetansemidlar for kvalitetsutvikling. Ordninga trer i kraft i 2019. Kommunane i nord-Rogaland har gått saman om ein plan for desentralisert kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskulen på vestlandet. Den desentraliserte kompetanseutviklingsordninga vil bidra til meir felles arbeid for kvalitet i barnehagane og redusere kvalitetsforskjellar mellom kommunar og barnehagar i regionen. I 2019 har det i barnehageleiinga vore jobba med å kartlegge og deretter analysere eigen praksis. Målet med dette er at utviklingsarbeidet ein gjer i barnehagen skal være meir kunnskapsbasert samt være i tråd med det ein ser ein har eit utviklingspotensialet for å auke den pedagogiske kvaliteten. Det vert jobba systematisk, og arbeidet vil pågå over tid og saman med andre barnehagar og kommunar.

3.3.7.5 Språkkompetanse

I rammeplanen er eit av fagområda «kommunikasjon, språk og tekst». Bokn barnehage har over tid jobba med språket som basiskompetanse med formålet om å auke barnehagepersonalets kompetanse om barns generelle utvikling og barns spesifikke språkutvikling. Ein tilsett har tatt vidareutdanning i språkutvikling og språklæring, og barnehagen har i 2019 jobba med «språk/øyper» (utvikla av lesesenteret ved UIS). Kompetanseutviklingspakkane har vorte jobba med i det profesjonelle læringsfellesskap i barnehagen, og består av fagstoff, spørsmål og oppdrag, og kan brukast på sjølvstendig basis.

Som eit ledd i arbeidet med språkkompetanse har barnehagen eit samarbeid med biblioteket om jamlege samlingar med høgtlesing.

3.3.7.6 Fagdagar

Barnehagen har 5 plandagar i løpet av eit år. Ein av desse er ein interkommunal fagdag der alle ansatte i barnehagane i nord-rogaland møtes på ulike arenaer med ulike fagtema/kursopplegg.

3.3.7.7 Moderasjonsordning og gratis kjernetid

Nasjonal ordning for redusert foreldrebetaling vart innført i mai 2015. Ordninga er søknadsbasert og går ut på at ingen husholdningar skal betale mer enn 6 % av inntekta for ein barnehageplass.

Gratis kjernetid er ein ordning for alle 3, 4, og 5 åringer samt barn med utsett skolestart som går i barnehage. Ordninga inneber at familiar med samla skattepliktig person- og kapitalinntekt under 417 000 kroner får etter søknad fritak for foreldrebetaling for 20 timer pr. veke. Ordningane med redusert foreldrebetaling og Gratis kjernetid vert administrert parallelt.

3.3.8 Teneste 2020 Skule

Tenesteområdet omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring og språklege minoritetar. Opplæringslova og Kunnskapsløftet gir de nasjonale føringane på dette tenesteområdet.

3.3.8.1 Organisering og drift

Bokn kommune har ein kommunal skule som dekkjer trinna 1.-10.

Elevtalet ved årsslutt 2019 var 95 elevar fordelt på 61 elevar på barnetrinna og 34 elevar på ungdomstrinna.

Frå hausten 2018 vart det innført ei nasjonal norm for lærartettleik i skulen. Det medfører at det skal være 1 lærer per 16 elever i 1.-4. klasse trinn, og 1 lærer per 21 elever i 5.-10. trinn. Frå hausten 2019 vert normene ytterlegare skjerpa, og det skal då være 1 lærer per 15 elever i 1.-4. trinn og 1 lærer per 20 elever i 5.-10. trinn. For Bokn skule har denne norma ingen innverknad på lærarressursane då skulen allereie har ein tettare lærartettleik enn det som er den nasjonale norma.

Hausten 2018 vart fådelt ordning vidareført i skulen, då med full samanslåing i alle fag på nokre trinn. Det vart hausten 2019 gjennomført ei ytterlegare samanslåing på nokre trinn. Bokn skule vil på sikt ha dei fleste klassar samanslått. Det vil bli jobba mot ein modell og systematikk for samanslåing slik at ein frå hausten 2020 sikrar at det vert arbeida systematisk og målretta for å både ivareta skule- og læringsmiljøet ved ei fådelt ordning etter som dette er driftsforma Bokn skule vil ha framover.

Ved utgangen av 2019 hadde skulen inkludert SFO, skulebibliotek og årsverk til administrasjon 22,09 årsverk.

3.3.8.2 Kvalitetsutvikling

Bokn skule har helde fram med å jobbe systematisk med utviklingsarbeid for at skulen skal bli ein betre skule, være ein trygg plass å være for elevane og for å gi elevane ei best mogleg opplæring tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader. Bokn skule har i 2019 jobba særskild med utvikling knytta til bruk av digitale verktøy i opplæringa, samt korleis skolen skal førebu seg på dei nye læreplanane som trer i kraft ved skulestart 2020.

3.3.8.3 Digital kompetanse/bruk av digitale verktøy i opplæringa

Ved skulestart hausten 2018 starta skulen med innføring av iPad som læringsverktøy for lærarar og elevar. Det vart jobba systematisk med kompetanseheving både knytta til det tekniske i bruk av iPad og korleis ein nytta digitale verktøy i opplæringa som ein læringsressurs for å betre kunne tilretteleggje undervisninga til elevane sine føresetnader samt å i større grad legge opp undervisninga etter kompetansemåla og opplæringsmåla i læreplanane i faga. Veileddarane frå RIKT AS var gjennom hausten 2018 og våren 2019 ein viktig ressurs i dette arbeidet. Det at Bokn Skule har blitt ein iPad skule, har gitt oss elevane og lærarane eit løft i digital kompetanse, vurdering for læring, klasseleiing og fagovergripande kompetanse. Satsinga vart vidareført i

2019 samstundes med at det vart trekt inn i arbeidet med fagfornyinga og arbeidet med å førebu seg til nye læreplanar som vert innført hausten 2020.

3.3.8.4 Desentralisert kompetanseutvikling

Utdanningsdirektoratet kom i 2017 med nye føringar for kvalitetsutvikling i grunnskule. Dette inneber at kommunane må samarbeid om kvalitet og kompetanse samt inngå eit forpliktande samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å få tildelt nasjonale kompetansemidlar for kvalitetsutvikling. Ordninga trådde i kraft i 2018. Kommunane i nord-Rogaland har gått saman om ein plan for desentralisert kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskulen på vestlandet. Den desentraliserte kompetanseutviklingsordninga vil bidra til meir felles arbeid for kvalitet i skulane og redusere kvalitetsforskjellar mellom kommunar og skular i regionen. Bokn kommune er i nettverk med Karmøy kommune i denne ordninga og har og i 2019 delteke med skuleleiing og ressurspersonar på både regionsamlingar og nettverksamlingar med Karmøy kommune kor ein har jobba med å auke analysekunnskapen i skulen slik at ein betre kan nytte resultat frå ulike kartleggingar som grunnlag for eit meir systematisk kvalitetsarbeid i skulen. I 2019 har fokuset vore på å førebu seg til dei nye læreplanane som vert iverksett ved skulestart hausten 2020, og hausten 2019 vart dette gjort både gjennom samarbeid og deltaking på fagdagar i regi av Karmøy kommune, samt gjennom internt arbeid på Bokn skule.

3.3.8.5 Lesing som grunnleggende ferdighet

Bokn skule har i sitt analysearbeid av ulike resultat frå undersøkingar kartlagt at ein må arbeide for eit meir systematisk arbeid med kvalitet i lesing og leseopplæring og auke leseferdighetene til elevane. Skulen hadde som mål å i løpet av 2019 arbeide fram ein «leseplan» som skal ligge til grunn for kvalitetsarbeidet med lesing og leseferdigheter. Denne planen er ikkje ferdigstilt, men ein tek sikte på å få den ferdigstilt i 2020.

3.3.8.6 Skulemiljø

I frå 1.8.2017 vart det innført ei skjerping av 59a i opplæringslova som omhandlar elevane sitt skulemiljø. I lova står det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking, som mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

Skulen skal heile tida arbeide for best mogleg skulemiljø og at skulen blir opplevd som trygg og god for elevane. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort. Alle vaksne som arbeider på skulen skal følge med på at elevane har det bra og gripe inn mot mobbing og anna krenking. Dei skal også varsle rektor viss dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Bokn skule jobbar målretta og systematisk med skulemiljøet. Det vart i 2017 innført faste morgonsamlingar for 1.- 7. klasse der ulike tema blir tatt opp frå gong til gong. Skulen har også innarbeida eit system for premiering av elevar og klassar for god oppførsel. Målet for skulen er å utvikla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld korleis ein saman skal skape eit inkluderande, trygt og mobbefritt skulemiljø.

Bokn Skule er ein MOT — Skule. Skulen har gjennom MOT skulert 3 ansatte til å verte MOT — Coachar. Deira oppgåve er å gjennomføre faste opplegg med klassane på ungdomstrinna. Frå 8.

klasse til 10. klasse får elevane ta del i 12 ulike MOT Økter kor dei arbeider med ulike problemstillingar og utfordringar som ungdomane møter i kvardagen.

Det var hausten 2019 sett ned ei arbeidsgruppe på skulen som har jobba med å utarbeide oppdaterte handlingsrutinar, handlingsplan for trygt og godt skulemiljø, og plan for etablering av innsatsteam. Arbeidet vert ferdigstilt våren 2020. Målet er då at dette skal resultere i eit meir systematisk arbeid for skulemiljøet på Bokn skule, auka kompetanse om mobbing, krenking og ekskludering, samt betre skule-heim samarbeid for at skulen saman med føresette skal arbeidet for at born og unge i Bokn både skal ha eit trygt og godt skulemiljø, samt oppleve at dei har ei fritid kor dei vert inkludert og har vener.

3.3.8.7 Lokalkultur

Bokn skule har eit mål om å vera ein kulturell møteplass forankra i vår lokale og nasjonale kulturarv og tradisjonar. Skulen skal og fremja og gi innsikt i kulturell mangfald, visa respekt for den enkelte, fremja demokrati og likestilling. I året som har gått har skulen difor hatt fleire besøk frå den kulturelle skulesekken mellom anna forfattarbesøk, teater og ulike musikkgrupper. Bokn skule har kvar haust ein basar til inntekt for TV-aksjonen, der heile bygda blir invitert til å komma både med gevinstar og for å vera med på basaren. Inntektene frå basaren er ein stor bidragsytar til at Bokn kommune kvart år kjem høgt på lista over beste kommune i Rogaland og på landsoversikta. Bokn skule har også kvart år eit stort arrangement siste dag før jul. Juleavslutninga har vore ei tradisjon sidan 1986. Med ny hall og scene, har dei to siste avslutningane fått ein enda større kvalitet lyd- og scenemessig. På juleavslutninga er alle elevane på skulen involvert på scenen på ein eller annan måte.

3.3.8.8 Fagdagar

Skulen har gjennom eit skuleår 6 avtalefesta planleggingsdagar som vert nytta til kvalitetsarbeid i skulen. Hausten 2019 vart plandagane i stor grad nytta til kompetanseheving kring ny læreplan som trer i kraft hausten 2020.

3.3.8.9 Vaksenopplæring

Bokn kommune kjøper vaksenopplæringstenester av Haugesund kommune og Breidablikk opplæringssenter. På grunn av få elevar har bokn skule eit samarbeid med Breidablikk i Haugesund. Bokn betaler for kursa og reise for elevane. Tilskotet frå staten dekkjer utgiftene skulen har i høve til dette. Elevtalet i vaksenopplæringa har dei siste åra vore synkande.

3.3.8.10 Skulefritidsordninga (SFO)

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Skulefritidsordninga er for elevar i 1.-4. trinn, og for barn med særskilde behov til og med 7. trinn.

Skulefritidsordninga ved Bokn skule hadde ved årskifte 20 born som nytta seg av ordninga.

3.3.8.11 Skulebibliotek

Biblioteket har eit stort utval av biletbøker og lettlesne bøker som blir brukte i leseopplæringa.

Biblioteket samarbeider om lesestimuleringsprosjekt. Det er fokus på å rettleie elevar i å finne materiell i tema og prosjektarbeid.

Biblioteket har to dagar i veka som skulebibliotek. Desse dagane vert nytta til lesing som høgtlesing for grupper, stillelesing, spill, leseopplæring, undervisning, lån av bøker. Kvar klasse i småskulen har eit stort utval av bøker i klasserommet og desse vert bytta ut jevnleg. Biblioteket har som mål å skape leselyst og utvikle gode leseferdigheter sjå elevane.



Biblioteket har utstillingar månleg av elevarbeid i faget kunst og handverk.

3.3.8.12 Spesialpedagogiske tenester

Tenesteområdet skal støtte opp om dei tenester som kommunen yter innanfor barnehage- og grunnskolesektoren, og bidra til at den enkelte får eit best mogleg utbytte av sitt utdanningsløp. Lov om barnehage og Opplæringslova er styrande for dei spesialpedagogiske tenestene som ytes.

Bokn kommune kjøper spesialpedagogiske tenester av Karmøy kommune. Den pedagogiskpsykologiske tenesten (PPT) skal sørgje for at det blir utarbeida ei sakkunnig vurdering der loven krev det. Dette gjelder fyrst og fremst vurdering om behov for spesialpedagogisk hjelp for barn i førskolealder og behov for spesialundervisning for elevar i grunnskulen, vidaregåande skule og i vaksenopplæring på grunnskulens område.

PPT undersøker om barn og unge kan ha behov for ekstra hjelp i barnehage og skole. PPT gir og hjelp til vaksne som ynskjer utredning. Bokn skule har fokus på å skape eit godt samarbeid både med foreldra og PP tenesten i saker kor elevar treng spesialpedagogisk hjelp i skulekvardagen.

PP tenesten deltek på faste tverrfaglege møter i kommunen saman med bl.a barnevern, helsestasjon- og skulehelsetenesta og barnehage.

3.4 Utviklinga framover

Skule og barnehage vil jobbe systematisk og målretta for kvalitet og utvikling i sine tenesteområder, og arbeidet vil i større grad vere i samarbeid med dei andre kommunane på Haugalandet. Rammeplan i barnehagen og innføring av ny læreplan i skulen vil ligge til grunn for arbeidet. Bokn har eit synkende barnetal som vil gi både skule og barnehage eit noko redusert behov for årsverk over tid. Dette vil i stor grad løysast med naturleg avgang. Bokn skule har i dag eit skulebygg som ikkje er funksjonelt og tilpassa dagens drift og framtidens skule. Bygging av nytt skulebygg vedteke og er under planlegging. Ny skule er planlagt at skal ferdigstillast våren 2022 slik at ein kan ta det i bruk til skulestart hausten 2022.

4 RAMMEOMRÅDE 3 - SEKSJON HELSE OG PLEIE/OMSORG

Seksjonen har fylgjande tenesteområder

- Førebyggjande helsearbeid
- Behandling, habilitering og rehabilitering
- Psykisk helse
- Tenester til eldre
- Tenester til funksjonshemma og utviklingshemma

4.1 Ressursbruk

Driftsresultat (i heile	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap 2019	Avvik frå budsjett 2019
Brutto utgifter	30 268	25 348	35 542	10 194
Brutto inntekter	-6 539	- 4 866	- 9 317	4 271
Netto utgift	23 728	20 482	26 225	5 743

Merknader til driftsrekneskapen

Avviket i rekneskapen skuldast i hovudsak fylgjande forhold

- Auka behov for heildøgns tenester

Arsverk i tenestene

Teneste	2017	2018	2019
2410 Legekontor	1,7	1,7	1,7
2320 Helsestasjonen			15
2320 Kommunejordmor		0,1	0,1
2330 Førebyggande arbeid	0,4		
2540 Psykisk helseteneste	1,2	1,2	1,2
2340 Støttekontakt/avlastning/omsorgslønn	1,3	1,3	1,3
2410 Fysioterapeut	0,2	0,2	0,756
2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma	3,17	3,17	3,17
2530 Sjukestova (sjukestova, kjøkkendrift og reinhald)	23,36	22,37	28,177
2540 Hjelp i heimen/praktisk bistand	3,68	3,68	3,68
Sum årsverk	35,61	35,12	34

Sjukefråvær

	2015	2016	2017	2018	2019
Totalt for seksjonen	5,6%		8,8%	7,7%	8,6%

⁴ Kommunen søkte tilskuddsmidler frå helsedirektoratet i tilskuddsordninga «styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta». Søkanen vart innvilga og tilskuddet er delvis nytta til å auke årsverket til helsesyster.

⁵ Kommunen søkte tilskuddsmidler frå helsedirektoratet i tilskuddsordninga «styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta». Søkanen vart innvilga og tilskuddet er delvis nytta til å auke årsverket til helsesyster.

⁶ Auka frå 0,2 til 0,5 frå 1.4. Auken vert finansiert gjennom fastlønnsstilskot frå Helfo. Frå 1.9 vart stillinga ytterligere auka til 0,75. Auken er finansiert gjennom tilskot som ein har søkt på gjennom tilskotsordning i Helsedirektoratet.

⁷ 7,08 årsverk er knytta til nyoppretta prosjektteam i heildøgnsomsorg i psykisk helseteneste.

4.2 Resultatvurdering

4.2.1 Teneste 2330 Førebyggande helsearbeid.

Eining for helsefremjande og førebyggjande arbeid skal yte gode tenester til innbyggjarar i alle aldersgrupper. Førebyggjande helsearbeid handlar om å fremje folk si helse - både psykisk og fysisk, redusere risiko for sjukdom og å bidra til at helsa er en positiv ressurs i kvardagen for den enkelte.

4.2.1.1 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har eit lågterskeltilbod kor det vert gitt støttesamtalar. Målsettinga er å hindre og førebyggje utvikling av alvorleg psykisk sjukdom, og gi hjelp og støtte til at brukaren kan mestre sin eigen kvardag. Psykisk helseteneste har eit godt samarbeid med fastlegen i kommunen, og periodevis og i enkeltsaker også med fastlegar i andre kommunar. Fastlegen tilviser pasientar som han ser kan ha nytte av støttesamtalar.

4.2.1.2 Friskliv, læring og mestring.

Dagens helseutfordringar krev auka førebyggjande innsats. Frisklivstilbod og lærings- og mestringskurs er ei viktig kommunal førebyggjande helseteneste som tilbyr kunnskapsbasert og effektiv hjelp til å endre levevaner og meistre sjukdom og helseplager (Lov om kommunale helseog omsorgstenester 5 3-1 og 5 3-3). Målgruppa er dei som har auka risiko for eller som har utvikla sjukdom og treng oppfølging av helsepersonell, og andre innbyggjarar som ønskjer å endre levevanar. Målet er å styrke deltakarane si helse, livskvalitet og mestring av helseplager og sjukdom, og å førebygge sjukdom og helseplager.

Bokn kommune fylgjer kravet til Frisklivsentral ved å ha tilbod om oppfølging på områda fysisk aktivitet, kosthald og snus- og røykeslutt.

Aktivitet i 2019

Torsdagstrim

Aktivitetskafé

Seniordans

Kommunen har over fleire år hatt eit formelt samarbeid med Karmøy kommune om lærings — og mestringstilbod til personar med KOLS. Vidare vart det i frå november 2018 inngått ein avtale mellom kommunane på Haugalandet og Helse Fonna om samarbeid om kurstilbod i friskliv, læring og mestring.

4.2.2 Teneste 2330 Førebuing, skule- og helsestasjon

Helsestasjon for barn, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er eit lovpålagt helsetilbod til alle barn og unge 0-20 år, og til gravide som går til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal være lett tilgjengeleg og gratis.

Helsestasjonen arbeider ut frå nasjonale retningslinjer «Veileder til forskrift av 3 april 2003 nr 450. IS-1154», utgitt av Sosial- og helsedirektoratet.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har eit friskfokus og skal vektleggje ressursar som fremmar helse og positiv utvikling hos barn, unge og familiar. Tenesta arbeidar førebyggjande og har fokus på tidleg intervensjon. Tenesta følgjer barn og deira familiar med helseopplýsning, rettleiing, standardiserte undersøkingar, vaksinar og anna målretta oppfølging på faste

tidspunkt. Oppfølginga skal omfatte barnet si fysiske og psykososiale utvikling og bidra til gode oppvekstvilkår. I tillegg skal tenestene fange opp risikofaktorar, problem og skeivutvikling, samt sette inn nødvendige førebyggjande tiltak. Helsestasjonsarbeidet er aukande. Enkelte familiar ynskjer og har behov for meir veiledning frå helsestasjonen i forhold til ulike tema knytta til barselomsorg, utfordringar knytta til barnets fysiske og psykiske utvikling, kommunikasjon og samspel i familien eller andre ting knytta til foreldrerolla.

Eit auka behov i helsestasjonstenesta og skulehelsetenesta knytta til tettare samarbeid med skule og barnehage, samt auka behov for veiledning av føresette og familiar gjorde at det i 2018 vart søkt om tilskuddsmidler gjennom ei tilskotsordning i helsedirektoratet retta mot dette tenesteområdet. Tilskot vart innvilga i 2018, og det vart og søkt og innvilga tilskot i 2019. Dette tilskotet har medført at årsverket for helsestasjonstenesta og skulehelsetenesta kunne aukast med 0.4 årsverk slik at det no er eit heilt årsverk i denne tenesta.

1 2019 vart det født 9 barn i Bokn kommune. Vaksinasjonsdekninga er god i kommunen. Helsestasjonen har fast legedag ein dag i veka.

Helsestasjonen har arrangert 4 babytreff i 2019, to på våren, to om hausten. På to av desse har kommunefysioterapeut vore med og hatt tema motorisk utvikling for dei minste.

Helsestasjonstenesta samarbeider med kommunefysioterapeut og erfarer at det er låg terskel for å ta kontakt for råd og veiledning. Helsestasjonstenesta erfarer at det har vore ei styring i tenestetilbodet med ein kommunefysioterapeut, både i tenester til enkeltborn samt gruppetilbod.

Helsesjukepleiar har tatt ammeveiledning trinn 1 og 2 i 2019 og håper å få ta trinn 3 og 4 i løpet av 2020. Det å ha oppdatert kunnskap på ernæring hos dei aller minste samt å kunne veilede mødre best mulig foregår kun ved helsestasjonen. Sidan dette kan vere noko sårbart dersom helsesjukepleier er borte, fekk også sjukepleier på legekontoret ta ammeveiledningskurset. Det er godt og nødvendig å fleire enn ein person innehar denne kompetansen.

4.2.2.1 Skulehelsetenesta

Helsesøster samarbeider tett med skulen om elevar som treng ekstra oppfølging. Dette kan vere barn med angstproblematikk, som strevar sosialt, mobbing, barn som opplever samlivsbrot mellom foreldre, overvekt og spiseforstyrningar. Helsesøster tilbyr støttesamtalar til barn som strevar og foreldra deira. Helsesøster er rettleiar i bruk av «psykologisk førstehjelp» og bistår med å implementere dette verktøyet i barnehagen og skulen.

Det er over tid merkt eit aukande behov for at helsesjukepleier er meir tilgjengeleg for elevar på skulen. Nye nasjonale retningslinjer inneber auka krav til samarbeid med andre faggrupper, samt auka involvering frå helsesjukepleier når det gjeld oppfølging av sårbare barn og unge i skule og barnehage, og deira familiar.

Helsesjukepleiar er på skulen på faste tider kvar veke, og opplever at det å være meir synleg gjer at elevane no oftare tek kontakt en tidlegare.

Årleg har ein undervisning om følgjande tema på klassetrinn på skulen:

- Småskuletrinnet: tek i bruk verktøyet «psykologisk førstehjelp» og hygiene
- 5. og 6.klasse: vold i nære relasjonar (i samarbeid med sosiallærar på skulen)

- 5. klasse: pubertet
- 9.klasse: seksualundervisning
- 10 klasse: Kropp og sjølvbilete

1 8. klasse får alle elevar tilbod om ein individuell samtale med helsesjukepleiar.

Helsesjukepleiar og sosiallærar vert nytta aktivt i arbeidet med ulike tiltak knytta til skulemiljøet og har bl.a elevgrupper på skulen, både guttegrupper og jentegrupper der me tek opp ulike tema kvar gong. Desse gruppene er populære hos elevane og me ser det har god effekt på det psykososiale miljøet på skulen.

Helsesjukepleiar er MOT- coach, og har faste MOT undervisningar på ungdomsskulen. Skulen har i 2019 hatt ei auka satsing på arbeidet med MOT, bl.a ved at både helsesjukepleiar og to lærarar har gjennomført ei MOT sertifisering.

Våren 2019 vart helsesjukepleiar sertifisert som COS-P veileidar saman med pedagog i barnehagen. COS -P er eit foreldreveiledningsopplegg, men er og nytta i veiledning av ansatte i barnehagen.

Alle elevane på skulen har fått tilbod om vaksinar etter anbefalt program, og kommunen har god vaksinasjonsdekning i kommunen. I 2019 har helsestasjonen vore ansvarleg for oppfølging av HPV vaksine til unge kvinner født etter 1991. HPV tilbodet for unge kvinner vart fullført og avslutta i 2019 på landsbasis.

Helsesjukepleiar deltek i tverrfagleg gruppe for barn og unge i Bokn kommune.

Helsesjukepleiar deltek på eksterne møter og treff med andre helsesjukepleiarar i distriktet, mellom anna helsestasjonsforum og Tidlig Innsats nettverk for helsesjukepleiarar.

4.2.2.2 Jordmortenesta

Frå 1/1 — 2018 har Bokn kommune hatt ein formell avtale med Karmøy kommune om kjøp av jordmortenester. Jordmor er eit lovpålagt tilbod i kommunehelsetenesta. Jordmor jobbar i samsvar med dei nasjonale retningslinjene for svangerskapet. Gravide kan velge om dei ynskjer å gå til fastlege, jordmor eller ein kombinasjon.

Målet for svangerskapsomsorga er å sikre at svangerskapet går så normalt og trygt som mogleg, og det er fokus på både på den fysiske og psykiske helsa til mor gjennom svangerskapet. Det vart vektlagt individuell veiledning med forberedelse til amming, fødsel og den første tiden etter fødsel. Jordmor har fokus på normal prosessar i svangerskapet, men henviser vidare ved eventuelle avvik. Konsultasjonane foregår på helsestasjonar i Karmøy kommune, medan det etter fødsel vert gjennomført heimebesøk.

4.2.3 Teneste 2410 Diagnose, behandling og rehabilitering

4.2.3.1 Legetenesta

Det er god fastelegedekning i Bokn kommune. Fastlegekontoret har pr 1.1.2020 0 ledige plasser på lista (650 pasientar).

4.2.3.2 Tal for legetenesta

- 933 enkle pasientkontaktar - takstar lad, lbd, lf, li
- 1551 pasientkonsultasjonar — takst 2ad og 1 lad
- 56 pasientkonsultasjonar for div attestar / førarkortattest [offshoreattest/sjømannslegeattest.

Det er i 2019 vore noko redusert aktivitet pga grader foreldrepermisjon, totalt ca 15 arbeidsdagar. Tidlegare inntrykk av at listepasientane generer meir arbeid enn før og har fleire problemstillingar pr konsultasjon enn tidlegare held seg. Dette er i tråd med nasjonale trendar. Antal henvendingar frå kommunale tenester og NAV aukar.

Lege har tilsyn med sjukestova 2 gonger pr veke + ved behov som før . Lege er tilgjengeleg på telefon alle dagar og dette nyttast stort sett fleire gongar i veka, i periodar dagleg. Opplevd aukande bruk av dette itråd med fleire nyttilsette sjukepleiarar.

Ved behov har ein teke inn pasientar som treng enklare medisinsk behandling og tilsyn — dels etter utskriving frå sjukehus, dels etter vurdering av tilsynslege etter observert forverring av funksjon i heimen.

Kommunen har avtale med Haugesund kommune om kjøp av kommunale øyeblikkeleg hjelp senger. Dette er eit lovpålagt tilbod som rettar seg mot for personar med behov for innleggelse, men som ikkje treng tilbod på spesialisttenestenivå.

1 2019 var det 9 fødslar. Det vert jamnleg utført tverrfaglege drøftingar mellom helsesjukepleiar og lege knytta til enkeltsaker, og helsestasjonstenesta rekrutterer aktivt til fastlegelista.

Helsesjukepleiar og lege utgjer saman skulehelsetenesta. Ved behov kan legen kallast inn til kommunens tverrfaglege team.

Kommuneoverlegen har i 2019 delteke i/utført arbeid med -
å organisere nettverk for kommuneoverlegar i Helse Fonna.

- rullering av samfunnsdel og klima og energiplan.
- rullering av beredskapsplan for helse og pandemiplan.

Det er beslutta at ein i løpet av l.halvår 2020 skal endre plassering av kommuneoverlegefunksjonen. Ny plassering vert i rådmann sin stab. Dette vert gjort for å få betre kunne nytte den samfunns medisinske kompetansen på kommunenivå.

Kommunelegen har gjennomført 2 obligatorisk kurs i samfunns medisin, og manglar då eit kurs før krav til spesialitet i samfunnsmedisin er på plass.

Kommunen kjøper legevakttjenester av Haugesund interkommunal legevakt i Haugesund kommune. Hausten 2019 auka legevakta si legebemanning på dagtid slik at lege no kan rykkje ut til kommunane dersom det er eit behov på dagtid.

Lege har rapportert etter fastlegeforskrifta sin 54.

4.2.3.3 Habilitering og rehabilitering

Den kommunale ergo- og fysioterapitjenesta har som oppgåve å drive førebygging, behandling, habilitering og rehabilitering av innbyggjarar i alle aldrar. Etterspurnaden etter denne tenesta aukar stadig, noko som blant anna har samanheng med kortare liggetid på sjukehus. Ergo- og fysioterapeutar er ofte sentrale aktørar i habiliterings- og rehabiliteringsarbeid for brukarar med behov for tverrfaglege og koordinerte tenester. Bokn kommune ansatte i 2017 ein kommunal fysioterapeut i ei 20% stilling.

Grunna regjeringa sitt mål om heilhetleg helse- og omsorgstenester er kommunane frå 1.1.2018 pålagt å ha fysioterapeut og ergoterapeut i det kommunale tenestetilbodet frå 1.1.2019. Bokn kommune hadde i 2019 ikkje ergoterapeut tilsett i helse og omsorgstenesta.

I mars 2019 vart den kommunale fysioterapistillinga auka til 50%. Auken vart gjort etter som kommunane får fastlønnsstilskot gjennom Helfo til kommunalt ansatte fysioterapeutar når stillinga er høgare enn 30%. Stillinga som kommunal fysioterapeut er dermed auka opp til 0,5 årsverk i fast stilling.

Frå 1. september vart stillinga auka opp til 75% stilling. Auken vert finansiert gjennom tilskot kommunen har søkt på i ei tilskotsordning i helsedirektoratet. Stillingsauken vil og vil være gjeldande for 1 år.

Den kommunale fysioterapeuttenesta har saman med helse- og omsorgsleinga utarbeida ei prioriteringsliste for fysioterapitjenesten. Denne er gjeldande for all fysioterapitjeneste i kommunen (kommunal fysioterapitjeneste og privatpraktiserande med kommunalt driftstilskot). Denne prioriteringslista er i tråd med nasjonale retningslinjer for rehabilitering og habilitering, og gjer at tenesteområdet skal kunne prioritere innsatsen forsvarleg og etter gjeldande lovverk og retningslinjer.

Fysioterapitjenesta har tenesteinnsatsen retta mot opptrening av brukarar som bur i eigen heim eller på sjukestova med ulike typar funksjonsfall knytta til sjukdom eller skade, samt at det vert gjennomført heimebesøk for å kartlegge og vurdere tilrettelegging og hjelpemiddel. Fysioterapitjenesten er og formidlar av hjelpemiddel frå kommunalt lager samt det som vert søkt om gjennom NAV hjelpemiddelsentral.

Fysioterapitjeneste deltek jamnleg i observasjon og vurdering av born på helsestasjon/barnehage/skule med forsinka motorisk utvikling og anna, kor det deretter vert gitt rettleiing med forslag til tiltak til både foreldre og ansatte. Fysioterapeuten har ca ein gong i halvåret hatt ei gruppe saman med helsesjukepleiar for mødre med born under 1 år for å informere om og rettleie i tilrettelegging for god motorisk utvikling hos dei yngste borna. Fysioterapeuten har og hatt ei motorisk gruppe for nokre elevar på skulen kor målet på sikt er at skulen sjølv skal kunne drive gruppa ut frå veiledning av fysioterapitjenesta.

Den kommunale fysioterapitenesten i kommunen har ikkje egna lokalar slik det er i dag, og driv derfor sine tenester ut frå andre lokalar i kommunen etter kor behovet er. Det er eit stor behov for å få lagt til rette for egna lokalar i kommunen for fysioterapitenesten slik at ein i større grad kan drive oppfølging av enkeltpasientar og grupper i egna lokalar tilrettelagt for fysioterapeutisk aktivitet. Kommunen vil i løpet av 2020 sjå på korleis ein kan tilrettelegge eksisterande lokalar i Boknatun for samdrift mellom fysioterapeut med driftsavtale og kommunal fysioterapeut.

I tråd med den nasjonale opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering og auka fokus på at eldre skal kunne leve sjølvstendige liv lengst mogeleg er kommune i gong med eit arbeid i det ein definerer som kvardagsrehabilitering. Målet med dette er å gi eldre heimebuande intensiv og individuelt tilpassa fysioterapeutisk trening etter funksjonsfall slik at dei oppnår eit betre funksjonsnivå og då igjen kan mestre oppgåver/aktivitetar i eigen kvardag som er viktige for dei ut frå eit perspektiv om livskvalitet.

4.2.3.4 Hjelpemiddelformidling

	Aktive brukarar	Brukarar med utleverte hjelpemiddel i perioden	Nye brukarar i perioden	Antall hjelpemiddel utlevert	Samla verdi for utleveringar
2019	83	24	7	342	358 352
2018	77	22	2	317	251 931
2017	82	32	13	254	614 350
2016	67	16	6	81	364 207

Kommunen har syns — og hørselskontaktar som formidlar hjelpemiddel på dette området. Talla i tabellen er statistikk for Bokn for 2019, henta frå Hjelpemiddelsentralen i Rogaland.

4.2.4 Teneste 2340 — Aktivisering eldre og funksjonshemma

Bokn kommune har ein auka aldrande befolkning. Eldre skal ha moglegheit til å leve aktive og sjølvstendige liv, og når helsa vert dårlegare. Førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er viktige tiltak for å nå dette målet. Når den enkelte får behov for pleie- og omsorgstenester, skal dei verte tilbudd tenester av god kvalitet.

4.2.4.1 Dag- og aktivitetstilbod for eldre

Kommunen har eit dagtilbod for eldre to dagar i veka. Det er eit lågterskeltilbod til heimebuande eldre og inkluderer og personar med kognitiv svikt. På dagsenteret er det ulike aktivitets og kulturtilbod. Det vert servert måltider og arrangert årlege turar ut av kommunen. Dei som har behov for det får tilbod om skyss til dagsenteret.

4.2.4.2 Dag- og aktivitetstilbod for brukarar i psykisk helseteneste

Kommunen har ikkje dag og aktivitetstilbod til brukarar i psykisk helseteneste som ikkje er i ordinært arbeid. Kommunen har i 2018 jobba for å bygge opp eit kommunalt tilbod ut frå ei målsetting om at alle skal ha ein kvardag med eit meningsfult innhald då dette kan førebyggje ytterlegare forverring av tilstand så brukarane. Tenestetilbodet vert gitt eit par gonger i veka i form av turgruppe og nokre enkle aktivitetar kor ein har lagd mat eller liknande. Kommunen ser at det er behov for å ytterlegare arbeide med å få på plass eit meir permanent dagtilbod egna lokalar til denne brukargruppa og vil arbeide vidare med det i 2020.

Våren 2019 vart det på oppdrag frå kontrollutvalet gjennomført forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenesta. Revisjonen hadde fokus på system og rutinar. Rapporten var ferdigstilt i mai 2019. Det vart i denne rapporten peika på at kommunen ikkje tilfredsstiller krava til planar og skrivne rutinar, manglande brukarmedvirkning, samt at det ikkje er god nok informasjon om tenesta på kommunen sine nettsider. Arbeidet med å følgje opp tilrådingane i rapporten vart starta hausten 2019 og vil pågå vidare våren 2020.

4.2.4.3 Dag- og aktivitetstilbod for funksjonshemma og utviklingshemma

Tenester til funksjonshemma omfattar tilbod til personar under 67 år med bevegelsesvanskar, syns- og høyrselshemmingar, samt somatiske diagnosar som fører til nedsett fysisk funksjonsevne. Eit overordna mål for kommunen, er å leggje til rette for at den enkelte skal kunne bu i eigen heim.

Tenester til personar med utviklingshemming skal sikre gode helse- og omsorgstenester til menneske med ulike behov og i ulike livsfasar. Det er eit mål at tenestemottakaren skal ha god livskvalitet, sikrast god fysisk og psykisk helse og at ein førebyggjer sjukdom.

Avdelinga bu- og aktivitet i kommunen yter bustad og dag-/aktivitetstilbod til både personar med funksjonshemming og utviklingshemming. Eininga har og tilbod om avlastning for familiar som har behov for dette.

Dag-aktivitet for personar med funksjonshemming og utviklingshemming er eit omsorgs- og aktivitetstilbod til personar som ikkje kan delta i ordinært arbeidsliv. Det vert lagt til rette for ulike aktivitetar ut frå den enkelte sine forutsetningar, og kommunen kjøper dag og aktivitetstilbod av både andre kommunar og private aktørar.

4.2.5 Teneste 2540 Hjelp i heimen

4.2.5.1 Organisering og drift

Tenesteytinga til heimebuande er i kommunen samorganisert med tenesteytinga på sjukestova. Ansatte arbeidar anten «ute» eller «inne».

Pleie og omsorg gir tenester til eldre heimebuande pasientar som treng helsehjelp eller praktisk bistand og opplæring for å kunne mestre sin eigen kvardag i eigen bustad.

Psykisk helseteneste gir tenester til heimebuande over 18 år. Tenestene vert gitt som bustadoppfølging i heimen. Psykisk helseteneste yter tenester på dagtid i vekedagar. Brukarar som har hjelpebehov til andre tider får tenestene frå ansatte i pleie og omsorgstenesta kor ein har døgn drift alle dagar heile året. Ei brukarkartlegging viser at tenesta i stor grad er retta mot følgjande brukarar:

- hovudtyngda av brukarane er i alderen 26 - 55 år o flest kvinner
- ca halvparten bur saman med ektefelle / sambuar
- litt under halvparten bur saman med og har ansvar for born under 18 år
- dei fleste har kontakt med tenesta kvar eller annakvar veke, nokre få har månadlege avtalar eller avtale om å sjølv ta kontakt ved behov..
- nokre brukarar er innom tenesta berre ei kort periode, dette er ofte grunna livskrise
- ingen brukarar har hatt individuell plan i 2019 o ein av brukarane har hatt ansvarsgruppe
- nokre få av brukarane har tenester frå fleire instansar, eks pleie- og omsorgstenesta, støttekontakt, poliklinisk kontakt i spesialisthelsetenesta o fleire av brukarane har tenester frå NAV
- dei fleste slit med lette til moderate symptom på angst og depresjon

4.2.5.2 Kvalitetsutvikling

4.2.5.3 Velferds- og tryggleiksteknologi

Kommunen innført i 2017 digitale tryggleiksalarmar. For at eldre skal kunne mestre og oppleve tryggleik i eigen heim var dette starten på eit viktig arbeid for å arbeide vidare med å tilby ulik tryggleiksteknologi til heimebuande. Kommunen deltek i det interkommunale velferdsteknologiprojektet på Haugalandet og får igjennom dette prosjektet moglegheiter til å ta i bruk ulike teknologiske løysingar saman med dei andre deltakarkommunane, samt at ansatte deltek på kompetanseheevande opplegg om korleis ein kan ta i bruk velferdsteknologiske løysingar ute i kommunane sine helse og omsorgstenester ut frå den enkelte brukar sine behov.

4.2.6 Teneste 2530 hjelp i institusjon

4.2.6.1 Organisering og drift

Sjukestova vert drifta med høg fagleg kvalitet. Det har sidan 2016 vore ei auke i årsverk på 0,78, som i hovudsak vart innført for å auke grunnbemanninga i turnusen. Overbemanninga vart innført som eit tiltak for å redusere bruken av overtid og vikar ved sjukdom og anna fråvær. Utbygginga av sjukestova i 2019 gav ei auke på heildøgns plassar og det er no inntil 14 plassar på sjukestova (12 enkeltrom, 1 dobbeltrom). I tillegg til utbygginga av institusjonsplassar var det og ferdigstilt 7 omsorgsboligar tilknytta sjukestova. Kommunen følger forskrift om tildeling av heildøgns plassar når ein fattar vedtak om å tilby personar dette etter søknad om helse- og omsorgstenester.

Kommunen ser at antall heildøgns plassar no er høgare enn det faktiske behovet. For å kunne drifte sjukestova utan å måtte redusere i bemanning grunna lågt belegg gjekk kommunen ut med eit tilbod til Karmøy kommune om å inngå avtale om å kjøpe plasser på sjukestova. Karmøy kommune gav positiv tilbakemelding til dette, og ein ser for seg at det vert inngått ein avtale i løpet av I.kvartal 2020.

Ansatte i tenesteområdet yter tenester både til bebuarar på sjukestova og heimebuande. Dette gir ein fleksibilitet i tenesteytinga då tenestebehovet varierer nærmast frå veke til veke i eininga.

Februar 2019 vart det oppretta eit eige prosjektteam i psykisk helseteneste knytta til heildøgnsomsorg. Det vart tilsett 7,08 årsverk. Det har sidan teamet vart oppretta vore gjennomført ein heil del tiltak knytta til kompetanseheving innan arbeid i psykisk helseteneste, bl.a gjennom hospitering i spesialisthelsetenesta, andre kommunar og gjennom kurs. I 2020 er det planlagt å redusere noko i antall årsverk grunna vart prosjektteamet og årsverka omgjort til faste stillingar, samtidig som det var gjort ein reduksjon i antall årsverk.

4.2.6.2 Kvalitetsarbeid

4.2.6.3 Kvalitetsreforma leve hele livet/mat og ernæring

Pleie- og omsorg har i 2018 og 2019 hatt fokus på reforma «Leve heile livet», der eit av satsingsområda er ernæring. Med dette som bakgrunn har tilsette difor deltatt i «Læringsnettverk førebygging og behandling av underernæring i sjukeheim og heimetenester». Dette i samarbeid med USHT Helse Fonna. Prosjektet omfattar brukarar inne på sjukestova og ute i heimetenesta, totalt 28 personar. Målsettinga har vore å risikovurdere alle pasientar inne på sjukestova og i heimetenesta, og få på plass ulike rutinar for å oppdage og sette i gong tiltak hos dei som er i risikosona. Bebuarane på sjukestova vart dei fyrste som vart kartlagt, og så har ein etter kvart inkludert heimebuande i prosjektet.

Som ei vidareføring av arbeidet i læringsnettverket, valde kommunen å starte opp eit arbeid med eit av satsingsområdet i reforma som omhandlar mat og måltid. Det var derfor i 2019 starta opp eit ernæringsprosjekt der målet bl.a er å redusere nattfasten inne på avdelinga, innføring av lunsjmåltid og forskyve middagsserveringa til seinare på dagen. Prosjektet søkte og fekk tildelt tilskotsmidlar frå helsedirektoratet. Midlane har vore nytta til bl.a å auke opp personalressursane med 20% auke i stilling på kjøkkendrift og 20% til ressursperson i pleie og omsorgstenesta. På denne måten vart endringane implementert på ein god måte, og ein sikra god informasjonsflyt både til personalet og ut til bebuarar og pårørande.

4.2.6.4 Kompetanseheving

Pleie og omsorgstenesta har høgt fokus på kompetansehevande tiltak i pleie- og omsorg, og får årleg kompetansemidler frå ei tilskotsordning sjå Fylkesmannen som vert nytta til dette. Tilsette har tilbod om å ta ulike kurs gjennom ein nettbasert portal (Veiledaren), og rapporttala frå 2019 viser at personalet i pleie- og omsorg har tatt totalt 128 e-læringskurs dette året. Heile personalgruppa har i tillegg tatt naudsynt og lovpålagt repetisjonskurs i medikamenthandtering. Avdelinga har hatt fleire av personalet på ulike vidareutdanningar i 2019, mellom anna innan ernæring, kvardagsrehabilitering og helse- miljø og sikkerhet. To tilsette i den nyoppretta prosjektteamet i psykisk helseteneste starta hausten på grunnutdanning som helsefagarbeidar. Det er viktig å sikre rekruttering i helsesektoren, og pleie- og omsorg har dei siste åra tatt inn lærling i helsefagarbeidet. Sommaren 2019 gjekk lærlingen opp til fagprøve og besto denne med glans. Me ynskjer å bidra til at fleire får fagbrev som helsefagarbeidar, og har difor tatt imot ein ny lærling hausten 2019.

4.2.6.5 Aktivitetsoversyn

Tabellen under viser aktivitetane i dei ulike tenestene frå 2017 - 2019.

Aktivitet / tenester	2017	2018	2019
Døgnopphald KØHD ⁸		1	
Antal døgnopphold i sjukeheim	3708	3243	3488
		218	83
⁸ Bokn har avskaffet alle døgnopphald i sjukeheim. Lovpålagt teneste kor kommunen har inngått avtale med Høgskolen i Hordaland. Kommunen har kjøpt plasser frå Høgskolen i Hordaland.			
Beløpsprosent døgnopphold for 2019 er ikke mottatt fra Høgskolen i Hordaland pr. 3.april 2020.	92,35	80,77	73,51
Antal mottakarar av praktisk bistand i heimen	16	18	12
Middagsutlevering (antall porsjonar til heimebuande)	2679	2580	2060
Dagsenteropphald (antall dagar med brukar)	528	12009	
Krisesenteret			26
Fastlegetal for kommunelege	645	638	650
Legekonsultasjonar	2747	2093	2540
Inntekter Bokn legekantor	896 689	861 050	878 693
Inntekter Hegren Legesenter ^{II}	89 426	95 632,-	130 238

4.3 Utviklinga framover

Ei aldrande befolkning vil krevje endring i ressursbruken i tenestområdet. Rehabilitering, eigenmestring, sjølvstendighet og forebyggjande tenester vil få auka fokus kommande år i tenestene. Kvalitet og utvikling av tenestene for å møte behova vil stå i fokus, og satsingsområder og nasjonale føringar vil vere styrande for dette arbeidet. Kommunen vil i 2020 ferdigstille ein plan for alle kommunens helse og omsorgstenester som skal politisk vedtas innan utgangen av 2020.

5 RAMMEOMRÅDE 6 - SEKSJON TEKNISK

Seksjon teknisk i Bokn har ansvar for utbygging, vedlikehald og drift av kommunale eigedomar, vassverk, kommunale vegar og leidningsnett for vatn og avlaup. Godkjenning av tekniske planar,

⁹ Kommentar til dagsenteropphald i 2018: 15 personarfått tilbod om dagtilbod x 2 ggr i veka. Dagsetneret har hatt stengt i 12 veker i 2018, me endar difor opp med talet 1200 (15 personar x 2 dg x 40 veker=1200 dagar)

¹⁰ Kommentar til dagsenteropphald i 2019: 16 personer tilbod om dagtilbod x 2 i veka. Dagsenteret har hatt stengt i 12 veker i 2019, vi ender difor opp med talet 1280 (16 personar x 2 dg x 40 veke = 1280 dagar)

¹¹ Fastlege ved Bokn legesenter hadde til og med september 2019 en vikaravtale med Hegren legesenter. Dette gjer at Bokn kommune får inntekter av konsultasjonar når fastlegen frå Bokn vikarierer der.

rørleggarmeldingar og saksbehandling i forhold til plan og byggesak, kart- og oppmåling skjer i Karmøy ut frå gjeldande samarbeidsavtale.

Seksjon teknisk består drifts- og eigedomssjefen og 3 vaktmeistrar. Den siste tilsettinga heng delvis saman med at utbygging av vassverket skjer i eigen regi der vaktmeistrane deltar aktivt i arbeidet med planlegging og utlegging av ny vassleidning i tillegg til 2 tilsette prosjektmedarbeidarar. Rådmannen har vore administrativt overordna seksjonen.

Vidare har innleigd konsulent vor rådgjevar for teknisk i tillegg til jobben med kommuneplanar og plan- og byggesaksbehandling for saker som var komme inn, men ikkje vart slutført før samarbeidsavtalen med Karmøy vart starta opp.

2019 har vore eit travelt år i seksjon teknisk der ein særskilt vil nemna arbeidet med vassverket og planlegging og utlegging av ny vassleidning, problemstillingar knytta opp mot overvatn, og overtakelse og drift av nye omsorgsbustader/sjukeheim.

Samarbeidet med Karmøy kommune har gått seg til på ein god måte med regelmessige møter vedrørande saker som krev lokalkunnskap m.m.

Seksjon teknisk har som mål å yta gode tenester til Boknarane og drifta dei tekniske tenestene på ein best mogleg måte innan dei økonomiske rammer som er lagt i budsjettet.

Seksjonen har i 2019 gjennomført dei planlagde investeringane.

5.1 Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Rekneskap 2018	BUDSJETT 2019	Rekneskap 2019	Avvik frå budsjett
Brutto utgifter	12.515	9.857	12.939	3.082
Brutto inntekter	- 7.883	- 5.884	- 8.732	- 2848
Netto utgift	4.631	3.973	4.206	- 234

Det blei i 2018 foretatt ein del utbetringar på fylkesvegen frå Vaulen til Grieg Seafood sitt anlegg på Trosnavåg. Som føresetnad for dette arbeidet var det inngått ein avtale om kostnadsdeling mellom Bokn kommune, Grieg Seafood as og SVV der kommunen og Grieg Seafood as skulle

refundera SVV i alt kr. 500.000,- fordelt med 250. 000,- på kvar. Refusjonskravet frå SVV kom ikkje til utbetaling før i 2019 og vart dekkja over drift.

Bemanning

Bemanning	2018	2019
Administrasjonen	1	1
Uteseksjonen	2	3
Sum årsverk	3	4

Ny vaktmeister blei tilsett i 2019. Tilsettinga må delvis ses i samanheng med utbygging av vassleidninga som skjer i eigeregi.

Sjukefråvær

Seksjonen har vore sterkt prega av sjukefråvær — både i delar av 2019 og heile 2020 så langt. Sjukefråværet i 2019 for seksjonen var på 3,2%.

Drifta i teknisk

Drifts- og eigedomssjef har det daglege ansvar for leiing av teknisk avdeling med ansvar for kommunale bygg og anlegg og tekniske tenester elles. Stillinga fungerer som bindeledd mellom Bokn og Karmøy kommune når det gjeld saker som teknisk i Karmøy utfører for Bokn etter samarbeidsavtalen.

Drifts og eigedomssjefen har hatt ansvar som bygge/prosjektleder for utbygging av Bokn vassverk med oppdemming av Torlandsvatnet og det vidare arbeidet med ny vassleidning til Trosnavåg, Grønnestad og Loten.

Innleigd konsulent har i 2019 hatt ansvar for utarbeide planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen, utarbeide forslag til ny samfunnsdel til kommuneplanen og utarbeide forslag til ny planstrategi.

I tillegg har innleigd konsulent fungert som plan- og byggesaksbehandlar for saker mottatt i Bokn før avtalen med Karmøy vart inngått

Tidlegare teknisk sjef vore engasjert 1 dag i veka for å slutføre arbeidet med gamle eigedomssaker som tidlegare har blitt liggande. Dette arbeidet blir avslutta sommaren 2020.

Karmøy kommune har på vegne av Bokn utført saksbehandling innen fagområda:

- Byggesaksbehandling
- Planbehandling
- Utslippssaker

- Kart og oppmåling
- Matrikkelføring
- Landbrukskontor
- Skogbruksforvaltning
- Viltstell
- Natur- og miljøraker
- Tekniske planar og rørleggarmeldingar

5.1.1 Teneste 1300 Administrasjonsbygg / 2610 Sjukestova

I 2018 blei dei nye omsorgsbustadene og sjukeheimsromma (952 m²) tatt i bruk, i tillegg blei den renoverte del av sjukeheimen tatt i bruk i løpet av mars 2019.

Dette har vore eit stort og komplisert prosjekt med både bygging og renovering og ikkje minst drifta avdelinga samtidig.

På grunn av arbeidet som har pågått, har ein kun gjort mindre reparasjons og vedlikehaldsarbeid i administrasjonsbygget i 2019.

Det er i forbindelse med nybygget, gjort nødvendig endringar av eit bekkeløp som gjekk i overkant av bustadfeltet ovanfor Boknatun. Ein har i området hatt ein større oversvømmelse som medførte skade på nye omsorgsbustader. Dette tilseier at ein må gjere større utbetringar i dette området når det gjeld overvatn.

Bekken en no lagt i røyr og kopla opp mot overløpet som går ut i Boknasundet.

5.1.2 Teneste 2210 Barnehagebygg

I barnehagen er det utført normalt vedlikehald bygget framstår som bra.

5.1.3 Teneste 2220 Skulebygg

Ein har i 2019 ikkje utført større vedlikehaldsarbeid på skulebygget som følgje av vedtak om å bygga ny skule.

Forslaget går ut på at ein skal bevare den nyaste delen av skulebygget, dvs. den del som i dag inneheld ungdomsskule og bibliotek.

Ein har i påvente av bygging av ny skule utsett arbeidet med å bytte ut den oljefyrte varme, men innan 2020 har myndigheitene sagt stopp og alle oljefyrte kjelar må bytast ut.

Oljefyren betener i dag både skule og barnehage. Det vert sett på alternativ oppvarming for begge bygga.

5.1.4 Teneste 3010 - 3030 Kartverk, oppmåling samt plan- og byggjesak

Arealdel av kommuneplanen blei godkjent av kommunestyret i møtet den 19.06.2018. I same møte blei det vedtatt å starte opp arbeidet med rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal opp til endeleg behandling i denne kommunestyreperioden.

Ny planstrategi for perioden 2020 — 2023 er vedtatt.

Det er utarbeidd reguleringsplan for Holmen - Føresvik sentrum og plan for utviding av industriområdet ved HighComp.


Privat plan for nordre Vågaholmen blei vedtatt av kommunestyret i 2019.

Frå 2018 har Karmøy hatt ansvar for oppmåling og kartarbeid. Samarbeidet med Karmøy har fungert godt.

Kommunen er med i forvaltingssamarbeid om Geodata i samband med at ein har pålegg om årleg å oppdatera kartdata innafor kommunegrensene. Dei fleste reguleringsplanane er no digitaliserte, og er tilgjengelege på nettet slik lova krev.

5.1.5 Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Austre Bokn Bygdalag fekk støtte til lyssetting av trapp i Øyrenfeltet (bildet — Foto: Anita Kro).



Det er elles berre utført normalt vedlikehald innan denne tenesta i 2019.

Ein har hatt stor fokus på fotballbane (gjødsling/klipping), da ein har forsøkt å legge forholda godt til rette for brukarane av banen.

5.1.6 Teneste 3400 Vassverk



Bokn vassverk har fungerer godt etter at det sto ferdig i 2018 og leverer eit trygt hygienisk vann til alle innbyggjarane i kommunen.

Det gjenstår framleis noko arbeid med demninga på Torlandsvatnet.

Bokn har i lag med dei andre kommunane på Haugalandet, arbeida med å finna ein reservevassløyssing. Dersom dagens vasskjelde blir øydelagd/forureina blir det jobba med å finna løyssingar som skal sørge for at alle kommunane på Haugalandet skal kunna henta vatn frå ei ny felles kjelde.

Det er og starta eit samarbeid om å få utarbeide eit felles lager for nødvassløyssingar som for eksempel reservevasstankar/behaldarar og tankbil.

Bokn har frem til ny løyssing er klar, inngått samarbeid med IVAR om nødvassløyssing.

5.1.7 Teneste 3500 og 3530 [Avlaup](#) – kloakk

Bokn er med i eit interkommunalt samarbeid med dei fleste andre kommunane på Haugalandet, det er Haugaland Interkommunale Miljøstasjon (HIM) som styrer arbeidet.

HIM overtok dette arbeid i 2016, innhenta slam blir kjørt til Toraneset miljøverk for vidare behandling. Kommunen har ansvar for drift av 5 felles slamavskiljarar og 3 kloakkpumpestasjonar. Ein hadde ikkje problem med drifta i året som gjekk.

Slamavskiljaren som tener bustadene i Føresvik og Øyrenfeltet, er for liten, dette medfører at de må tømmast fleire gonger i året, ein må innan kort tid, ta avgjersle omkring oppgradering. Ein har likevel valt å venta med dette arbeidet til ein kjenner planane for framtidig bustadbygging.

5.1.8 Teneste 3550 Renovasjon

Renovasjonsordninga for Bokn blir drifta av HIM, som og fakturerer. Ordninga fungerer godt.

5.1.9 Teneste 3380 og 3390 Brann og feiarvesen

Kommunane på Haugalandet har no vedtatt å skipa eit interkommunalt brannvern, Haugaland Brann og Redning (HBR).

Det interkommunale brannvernet er etablert, og Bokn brannvesen er frå 01.07.2018 blir ein del av Haugaland Brann og Redning.

Det lokale brannkorpset og Bokn brannstasjon vil fungera som før under ny leiing.

Avtalen gjeld funksjonen som brannsjef, øvingsopplegg, utdanning og kvalitetssikring.

Tilsyn og feiing står også innunder HBR.

5.1.10 Teneste 2650 og 3150 Bustadfelt og bustader

5.1.10.1 Utleigebustader

Kommunen eig i alt 28 leigebustader. 22 av desse er omsorgsbustader. Av omsorgsbustadane har 16 direkte innadørs tilkomst frå sjukeheimen og 6 ligg i eit hus like ved. I Øyrenfeltet på Austre Bokn har kommunen to rekkjehus med 2 bustader for ungdom i kvart. Dei 2 siste utleigebustadene ligg i eit eldre hus i Føresvik. Alle bustadene minus ein har vore utleidde det meste av tida.

Det er ikkje kome i gang arbeid i det private feltet for tett bustadbygging i Alvestadkroken der reguleringsplanen blei godkjent i 2014.

Det er etablert eit privat tomteselskap der kommunen er mindretalseigar.

Selskapet har til føremål å kjøpa tomteland, regulera og opparbeida tomter for sal.

Ungdomsbustadene framstår som godt vedlikehaldne, ein del av fasaden blei malt i 2018.

Uteområde ved ungdomsbustadene ble oppgradert med nye terrassar i 2018.

En av bustadene blei delvis øydelagt i 2018 og er renoverert i 2019.

Tomannsbustaden i Føresvik framstår som slitt og gammal og vil bli seld i 2020.

5.1.11 Teneste 3330 og 3340 Vegar og gater, Trafikksikring

5.1.11.1 Vegvedlikehaldet i 2018

Det står att arbeid for ca. 1,5 mill. om ein skal asfaltera alle kommunale vegar.

De kommunale grusvegane blir vedlikehaldne ut frå behov og økonomi.

5.1.12 Teneste 3600 — Naturforvaltning

Oppgåvene med viltforvaltning, er overteke av Karmøy kommune. Oppgåvene er avgrensa til forvaltning av hjortevilt.

Kommunen får årleg inn varsel om påkøyrsløse, disse bekymringsmeldingar blir formidla vidare.

Tenestene omfattar koordinering av miljøvern i kommunen, samt ansvar for å utarbeide miljø- og naturressursprogram. I dette ligger det at en skal sjå til at utmark- og friluftsområde blir brukt på en god og samfunnsnyttig måte.

Videre skal en være med på å sikre almens retten til badeplassar, samt opparbeide turveier, rasteplassar, småbåthamner, kaier med fortøyingsmoglegheiter.

En skal og være med å forvalte ressursane som fisk i ferskvatn og vilt.

Bokn kommune er en sjøkommune, noe som inneberer at en må forvalte strandsona og sjøen på en slik måte at flest moglege får glede av å bruke disse områder.

5.2 Utviklinga framover

Teknisk fekk tilsett ein ny vaktmeister i 2019. Stillinga skal styrke den samla kapasiteten i teknisk og bidra til at teknisk i ennå større grad kan gjennomføra utbyggingar i eige regi.

Utfordringane er dei same som før. Krav til vedlikehald og opprusting av bygg, vegar og grøntanlegg vil auka. Dei pengar og den arbeidskrafta ein har til rådvelde, set grenser, som gjer at ein ikkje kan halda ein høg kvalitet på vedlikehaldet på alle felt. Nye anlegg fører til auka vedlikehald. Eit godt vedlikehald er naudsynt om uteareal, bygg og anlegg skal stå fram og fungera slik alt var tenkt.

Kravet om planar som grunnlag for kommunale forvaltningsvedtak blir heile tida strengare. Ein ser at krav om konsekvensutgreiing på mange felt som arkeologi, fauna og flora (biologisk mangfald), trafikkfare og støy frå veg og ikkje minst tilhøvet til strandsona, gjer at planarbeidet tek lengre tid. Kommuneplanen er bærebjelke og vegvisar for kva som kan skje dei neste åra.

6 Politisk og administrativ leiing 2019

	Fram til oktober 2019	Frå oktober 2019
Ordførar	Tormod Våga (Sp)	Osmund Våga (Sp)
Varaordførar	Lars Sigmund Alvestad (H)	Lene Ognøy Foss (H)

Årsmelding 2019 Bokn kommune

Formannskap	Eirik Nedrebø (Sp)	Emilie Moi Eikje (Sp)
	Anita Kro (Sp)	Sigmund Alvestad (KrF)
	Sigmund Alvestad (KrF)	Svein Ove Alvestad (H)
	Lene Ognøy Foss (H)	Lillian Grønnestad (Ap)
	Kari Christensen (Ap)	Kyrre Lindanger (Ap)
Forvaltningsstyreleiar	Emilie Moi Eikje (Sp)	June Susanne Grønnestad (H)
Administrasjonsutvalsleiar	Tormod Våga (Sp)	Osmund Våga (Sp)
Seniorrådsleiar [Eldrerådsleiar	Sigmund Alvestad (KrF)	Sigmund Alvestad (KrF)
Kontrollutvalsleiar/ Kontrollog kvalitetsutvalsleiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap)	Lars Øyvind Alvestad (Ap)

Politisk aktivitet i 2019

Styre/utval	Antall møter	Antall saker
Kommunestyret	7	64
Formannskapet	11	64
Forvaltningsstyret	7	37
Seniorråd/ Eldreråd	5	23

Årsmelding 2019 Bokn kommune

Ungdomsråd:	1	1
Kontrollutval/ Kontroll- og kvalitetsutval	4	25
Administrasjonsutval	1	4
Valstyret	2	9

Administrativ leiing:

Rådmann	Jan Erik Nygaard
Kommunalsjef administrasjon	Solrunn Alvestad
Kommunalsjef tenester	Ingrid Sofie Rundhaug
Revisjon	Deloitte AS